expert BONUS
Overraskende lave priser
Hareid Elektriske
FINANSIERING
9 MND. UTSETTELSE
Din lokale forhandler finner du i
Ulsteinvik, Saunesmarka, Fosnavåg Brygge,
Tlf. 70 01 88 00 - Åpent: 10-18 (15)

Distriktet sin einaste Expert-butikker finn du i Ulsteinvik og Fosnavåg
expert
PÅ OVERRASKANDE LAVE PRISAR!
Gratis levering i Ørsta og Volda. Faste ruter tirsdag og torsdag. Vi ynskjer alle velkomne til butikkane våre!
INFORMASJON

Regionavisa
Det beste i livet er GRATIS!
www.regionavisa.no
17. september 2008. Opplag 20.000

Endelig onsdag

ARNFINN INGJERD

Side 10

Sveisen Ida (101)

Side 20-21

STORT
Dekk-
SAL

Vi sel ut eit stort parti dekk til sterkt reduserte prisar
Vi har også gode prisar på ymse traktor- og lastebildekk
TA KONTAKT FOR PRISFØRESPURNAD OG TIMETINGING!
Vi held til i Furene, midt mellom Ørsta og Volda
Tlf. 70 07 47 80
MØRE AUTO AS
E-post: post@moreauto.no Internett: www.moreauto.no

Ut i helga?

Hareid:

DJ Svein Kåre står for musikken på Hareid Hotell laurdag.

Herøy:

Trubadur Kjell ”Big Kjell” Mathisen spelar på Restaurant Fosnavåg brygge fredag og laurdag. ”Big Kjell” har over 500 låtar å velje i, så her blir det nok noko for ein kva smak.

På Kalimera kan du få med deg både standup show og trubadurar på laurdag. Komikar Jon Schau, som vart kåra til landets morsommaste i 2006 underheld først på kvelden, etterfulgt av trubadurane Jogeir&Jonny.

Sande:

Storhelg på Rosenlund med båttreff, dans og standup. Fredag blir det taco-buffet og standupshow med Odd-Kåre Wiik. Karane spelar til dans etterpå. Laurdag er det gratis frukost for båtfolket samt gratis guida tur til Dollsteinshola. Diverse aktivitetar i løpet av dagen. Om kvelden er det havets festbord og dans med Karane. Søndagen blir det buffet med kakebord.
Karane består av fem karar frå Kvamsøy som spelar dansemusikk som får dansefoten til å rykkje.

Ulstein:

Fårikålgilde på Kaffikari fredag og laurdag.

Trubadur Siggen underheld på Kaffebaren i Ulsteinvik fredag.

Trubadur Siggen

DJ Lars A. Bigton står for musikken på Ulstein Hotell laurdag.

Volda:

Veka 2008: Premiere på studentrevyen fredag, DJ på premierefesten etterpå. Revyen blir også synt søndag.

Laurdag er det konsert med Surferosa på Rokken.

Søndag er det kyrkjekonsert med Elvira Nikolaisen.

Ørsta:

Trubadur Åge Nybø spelar på Sagafjord hotell laurdag.

”Operasjon Galskap” årets studentrevy

Årets vekerevy såg ut til å ligge tynt an då regissøren trakk seg for om lag tre veker sidan. Eit intensivt søk etter nokon som kunne ta over produksjonen blei sett i gang.

- Det såg svart ut. Men heldigvis greidde vi å få dei to regissørane frå i fjor til å hjelpe oss. Dei stilte opp og revyen vart berga, fortel ein litt småstressa revysjef, Pernille V. Dvergedal.

Tittelen på revyen er eit direkte resultat av det store tidspresset dei involverte har vore utsett for.

- Operasjon Galskap passar godt som namn tenkte vi, når revyen blir sett opp med så lite tid å gjere det på. Revyen vil handle om det å vere ”stuck in Volda” på godt og vondt. Vi freistar å inkludere alle sider ved Volda, slik at det ikkje berre blir kjekt for studentar å sjå den. Vi vonar at fastbuande voldingar også vil setje pris på årets revy, seier Dvergedal.

Det er totalt åtte skodespelarar med i revyen, men totalt er det tredve studentar som arbeider med årets Vekarevy.

TEKST OG FOTO: MONICA IREN MOE MASDAL

Bakerst frå venstre: Christina Honningsvåg, Sigve Kistoffersen, Sverre Grindvik Uri, Sigrun Agøy Engum, Gunnhild Jørginsdottir Brimheim, Framme frå venstre: Espen Vikse Gundersen (med-regissør), Pernille Vegheim Dvergedal (Revysjef), Ida Elisabeth Hardal, Kristian Johannessen (regissør). Ikkje tilstades når bilete blei tatt.: Are Berge (skodespelar), Sebastian Engesæth (skodespelar) og Per Arne Nygaard Lium (regissør)

Surferosa på Rokken laurdag

Surferosa vart danna i år 2000 og kan beskrivas som ei synthbasert ”trashpop”-gruppe.

Namnet Surferosa er henta frå ei plate med Pixies som heiter Surfer Rosa. I løpet av dei siste åra har dei vorte reine voldavenane, og Veka-arrangørane vonar at dei er like glade i Volda som dei er i Surferosa. Med ny plate ute og garantert nye outfits er Surferosa klare for å underhalde studentane under Veka 2008.

”The Beat on the Street” er bandet sitt siste album, og arrangørane vonar at publikum skal få høyre både frå den og tidligare låtar av Surferosa. Frontfigur Mariann Thomassen er ei energibombe av dei sjeldne. Med Surferosa på scena er det vanskeleg å ikkje verte reven med! Her er det bere å ta på seg danseskoa og gjere seg klar til ein knall start av konsertane under VEKA 2008. Vekestyret er ikkje i tvil om at Surferosa vil få fram smilet hjå publikum.

Frontfigur Mariann Thomassen og resten av Surferosa held konsert på Rokken laurdag.

Kyrkjekonsert, standup og elektonika-/jazzkonsert under veka

Elvira Nikolaisen held årets kyrkjekonsert under Veka08 søndag. Nikolaisen er ein artist som leikande lett vekslar mellom ulike sjangrar.

Ho gjorde til dømes ein duett med den folkekjære artisten Bjørn Eidsvåg i 2006. Både kritikarar og fans omfamnar Elvira, og etter over 50.000 selde album av sin debut "Quiet Exit", tre Spellemannsnominasjonar og omfattande turnéverksemd er Elvira Nikolaisen tilbake med nytt studioalbum. Med radiohiten "The one you cannot keep" har dette vorte eit stilsikkert, vakkert og heilstøypt album med tydelege 70-tals popreferansar.

Elvira Nikolaisen held kyrkjekonsert under Veka08 søndag

Are Kalvø har standup-show måndag

Måndag er det standup med Are Kalvø. Strandaren har fleire bøker bak seg, og er kjend for glitrande satire. Han har sidan 1993 vore programleiar for "Hallo i uken" og har også vore tekstredaktør og skodespelar i fleire stykker. I 2007 kom han med boka "Våre venner kinesarane” der han har vitja kinarestauranter i alle norske kommuner for å hylle fenomenet kinarestaurantar i landet vårt.

Tysdag blir det elektronika/jazz-konsert med Xploding Plastix. – Fyrverkeriet Xploding Plastix er endeleg tilbake i Volda med sin skrudde elektronika/drum’n bass/breakbeat/Jazz/filmmusikk. Sidan sist dei var her har dei blant anna skrive eit verk for den anerkjente amerikanske strykekvartetten Krosnos Quartet. I september kjem dei med ny plate, så konserten vert nok prega av mykje nytt. Vi håper også vi får høyre noko frå plata dei fekk Spelemannspris for, The Donca Matic Singalongs, uttalar styret i Veka08.

Regionavisa

– Det beste i livet er GRATIS

Lay Out/sats: Regionavisa
Trykk: Sogn og Fjordane Avistrykk AS
Opplag: 20.000
Distribusjon: Posten
Postadr.: P.b. 424, 6065 Ulsteinvik
Besøksadr.: Kyrkjegt. 8
Telefon: 70 00 96 60
Telefax: 70 00 96 70
Ørsta-kontoret: Besøksadr.: 3. etg, Ørsta Torg
Telefon: 70 00 96 60
Telefax: 70 04 17 00

Redaksjon:

Redaktør/Dagleg leiar
Hugo Antonsen
hugo@regionavisa.no
Tlf.: 917 38 587

Reporter
Anna Goksøyr
a-report@online.no
Tlf: 944 88 674

Reporter
Monica Iren Moe Masdal
monica@regionavisa.no
Tlf: 982 44 644

Spaltist/reporter
Fredrik Steen
fredrik@regionavisa.no

Produksjon:

Produksjonsleiar
Gunlaug Kleppe
annonser@regionavisa.no
Tlf.: 982 44 634

Produksjon
Aina Iren Årsheim
aina@regionavisa.no
Tlf.: 70 00 96 60

Salg/administrasjon:



Salgssjef
Line Urke
line@regionavisa.no
Tlf.: 911 17 530



Sekretær/salg
Kari H. Berge
kari@regionavisa.no
Tlf.: 934 19 538

Ørsta-kontoret:

Salgskonsulent
Magne Krumsvik
magne@regionavisa.no
Tlf.: 975 87 269

Salg og produksjon
Gunn Homberset
gunn@regionavisa.no
Tlf.: 458 65 620

© 2008 Nye Regionavisa AS

Jon Schau på Kalimera laurdag

Jon Schau er ein av Norge sine mest ettertrakta komikarar.

I 1996 fekk han tildelt "Stå Opp" prisen, den første gongen den no prestisjetunge prisen blei utdelt. Han fekk den på nytt i 2007. I 2006 blei han også kåra til Norge sin morsommaste.

Jon er på farta heile tida, og trollbind stadig publikum med nye og spanande show. Han har ein heilt eigen stil, og involverar heile seg med kropp og sinn på scena. Kvart show er ein maraton til publikum si tilfredsstilling.

Han stiller spørsmål ved små og store fenomen, og med sin litt naive framstilling set han alt tenkbart på hovudet. Uansett kva han bestemmer seg for å gjere er det som regel ein vinnar hos publikum. Schau er spesielt god til å få fram eit spanande bodskap, og syner unike evner til å leve seg inn i det han ynskjer å belyse for publikum. Han har brei erfaring på det meste frå show til fjernsyn, noko som gjer han til ein sikker hest i komedietravet. Dei fleste hugsar han sikkert frå blant anna ei rolle i komiserien "Lyckliga gatan" som gjekk rett heim hos tv-sjåarane. I dag er Jon framleis ein av dei mest ettertrakta komikarane i landet. Han improviserar store delar av showet sitt, snakkar med publikum og fornyar seg frå gong til gong. I sitt siste show "På bar bakke" synte han, slik han også gjorde i 2001, med showet og publikumssuksessen "Dein Kampf", at han greier noko så spesielt som å lage eit hysterisk morsomt show, som samstundes er samfunnskritisk, tankevekkjande og rørande ærleg på same tid.



Komikar Jon Schau kjem til Fosnavåg og Kalimera på laurdag.

Lat oss undersøke synet ditt
HAVBLIKK OPTIKK
Tlf. 70 01 34 34 - Sjøgt. 3 - Ulsteinvik

Vi treng
sjåførar
www.fjord1.no
Fjord1 Transport

Fribo til Ørsta

Torsdag 18. september spelar Fribo på Ørsta kulturhus.

Fribo vart fødd ein seinsommar ved at tre musikarar enda opp rundt eit kjøkkenbord for å samanlikne tradisjonar og drikke te. Mange timar seinare når dei kom tilbake til verkelegheita frå eit inspirerande musikalsk landskap, oppdaga dei at teen var blitt kald men bordet var lagt og vegen opna for eit nytt musikalsk møte.

Der og då bestemte dei seg for å vidareføre denne vakre og uvanlege samankoblinga av musikk og leite etter dei mange trådane som batt dei saman på ein veldig naturleg, men samtidig uventa måte.

Eit nytt sett av musikk fulgte tett i helane og Fribo byrja å dele sine nøye samanvevde slåttar og melodiar med resten av verda, og sidan har deira grasiøse miks av Anne Sofie si klokkeklare stemme, Sarah-Jane sin skotske highlandske felebruk og Ewans harmoniske gitar akkompagnement møtt stor respons både frå publikum og promotørar rundt om. Våren 2007 var dei på omfattande turnéar både i Storbritannia og Norge i anledning cd-slepp, og hausta gode kritikkar både frå publikum og anmeldarar i begge land. Dei gjer eit viktig arbeid med eksponeringa av den norske folkemusikken, og eit unikt arbeid for den norske folkemusikken i utlandet. Sjå og høyr meir Fribo på www.fribo.co.uk, www.myspace.com/fribo og www.stoneyport.co.uk - eller kom og opplev Fribo live på Ørsta kulturhus torsdag 18. september.

Nyhet!
Rivoirsmykker:
De lekreste diamantsmykker i ypperste kvalitet
Tysk kvalitet betyr fantastisk finish, utsøkt håndarbeid og beste kvalitet på stener og materialer.
PF Waage as
GULLSMED
Ulsteinvik - Tlf. 70 01 00 43
www.pfwaage.no

Vassendgutane til Åheim

Vassendgutane har draget på publikum som aldri før, og 27. september blir dei igjen å høyre i Olivinhallen på Åheim.

I fjor drog dei fullt hus i hallen og ingen ting tyder på at det skal bli mindre i år, seier Svein Rasmus Ekrem på vegne av arrangøren Åheim Idrettslag og UL Fram, og fortel at førehandssalet er godt i gang.

-Vassendgutane er det mest populære live-bandet i landet for tida. Siste cd-en deira har passert heile 75 000 selde eksemplar. Så det bør ligge an til fullt hus og topp stemning når dei entrar scena og serverer dei største kjendislåtane frå hit-topplistene, seier Ekrem som rår folk til å skaffe seg billett til dansen i god tid på førehand for å vere sikre på å kome inn.

-Idretthallen har ein kapasitet på kring 1000. Vassendgutane drog nyleg 1300 i Kalvåg og eg ser ikkje vekk ifrå at vi kan kome i ein situasjon der vi ikkje kan tilby fleire billettar, seier Ekrem som opplyser at billetane kan kjøpast på nettet og på utvalde butikkar.

I år er det 10 års jubileum for Olivinhallen. Stordansen med Vassendgutane blir ein lekk i denne markeringa. I denne samanheng vil Åheim Bygdeutvikling i samarbeid med lokalt næringsliv og kulturkrefter ta sikte på å profilere Åheim denne spesielle laurdagen på fleire måtar. Det blir ein dag godt med folk utanfrå. I fjor var det fleire som kom til Åheim alt på fredagen og tok langhelg her, seier leiar i Åheim Bygdeutvikling, Jon A Thue.

Vinsmaking på Snorrebuda torsdag

Torsdag er det duka for firerettars middag og vinsmaking på Snorrebuda. Michael Dahl og Jon Åge Sundal tek deltakarane med på ei vinreise gjennom seks europeiske vinar, spesialtilpassa ein utsøkt firerettars middag.

Edelsteinsrekord på Åheim

Laurdag den 27. september frå kl. 10 skal verdas lengste lenkje av edelstein lagast på Åheim. Dette skal gjerast ved å lime peridotar tett i tett på eit sølvband.

Åheim har verdas største førekomst av mineralet olivin, som inneheld edelsteinen peridot. Ein har ein eigen rasteplass, Peridotplassen, som er strødd med peridot. Frå denne plassen har folk plukka peridotar som skal brukast i verdsrekorden.

Vi har søkt Guinness om å få lenkja godkjent der, men fekk avslag. Dei meinte at temaet var for spesialisert, og det finst ingen kategori for edelsteinslenkjer. Men vi vil gjerne vere spesielle, så vi lagar lenkja likevel.

Lenkja vert veldig pen, så planen er å få stilt den ut etterpå.

Denne dagen skal det arrangerast "Åheimfest" for første gong. Det vert ein dag spekka av aktivitet i sentrum, avslutta av stordans med Vassendgutane i Olivinhallen. Åheim Bygdeutvikling har teke initiativ til arrangementet.

Nytt servise frå
Höganäs
i glassert keramikk. Svart og kvit.
Hardangerbestikk:
Silje, 24 deler, før 2.099,- NO 999,-
Silje, kakesett, før 649,- NO 249,-
Ramona, biffsett 6+6 før 1.299,- NO 599,-
Ostesett, før 319,- NO 249,-
Fruktkniver, 6 stk, før 419,- NO 199,-
Skaldyrsett, før 399,- NO 249,-
Bjørklund, ostesett, rød, 2 deler, før 275,- NO 219,-
May-Britt
GÅVER OG INTERIØR
Tidl. Åse Dimmen
6065 Ulsteinvik
Tlf. 70 01 22 23

UG
URMAKER GAUSTAD
Bjørndalvegen 3 b, Ulsteinvik
tlf 70 01 09 00

Kultur & uteliv

Teater – Show
Kino – Konsert
Ut å ete – Danse



Heimekamp Høddvoll

HØDD - Verdal F.K.
2. div. damer, Høddvoll
Lørdag 20. september kl. 15.00

liten - men stor
Kiosk-/loddsalg, gratis inngang og god stemning!

Dagens kampsponsor: Napoli Pizzeria
Generalsponsor: NorCoat AS
Hovedponsor: ULSTEIN
Sponsorar: TUSSA, Regionavisa, G. Eilertsen as, Sætra Eigedom, SpareBank 1

Heilaften på
Quality Hotel Ulstein!

Opplev flotte arrangement i Sjøborg og nyt god mat og drikke i Oljepiren Bar & Restaurant!

Fredag 26. september:
Vi gjentar vår suksess med deilig sjømatbuffét
Havets buffét frå kl. 18.00 - 22.00

Konsert med LIVE 8, Gisle Børge Styve og Heine Totland i Sjøborg kl. 20.00

Laurdag 27. september:
Havets buffét i Oljepiren
1. bordsett kl. 19.00. 2. bordsett kl. 21.00.

Laurdag 11. oktober:
Viltaften i Oljepiren Restaurant med det beste av haustens råvarer! Margot the Show i Sjøborg

Du er hjerteleg velkomen!
Bordbestilling: **Tel. 70 01 30 00**

Teknisk arr: Ulstein kommune
Billett: www.sjoborg.no

www.choicehotels.no

QUALITY HOTEL ULSTEIN
Sjøgata 10, 6065 Ulsteinvik
Tel.: +47 70 01 30 00
Fax.: +47 70 01 30 13
E-mail: q-ulstein@choice.no

BAKKAR OG BERG
bakkarogberg.no

AKTIVITETSLEIR I HAUSTFERIEN

6. - 10. oktober

2.-3. klasse,
4.-6. klasse

5 dagar 2700 kr
3 dagar 2000 kr
2 dagar 1500 kr

KAJAKK
FLÅTEBYGGING
KLATRING
FJELLTUR
FISKETUR
ENERGIKAMP

Påmelding/informasjon:
www.bakkarogberg.no
906 12 584 / 995 74 909

Kafé Bell
Ope kl 11.00-18.00. Fred. og laurd. til kl 02.00
QUIZLEIS m/Einar Heimdal
Torsdag 25. sept. kl. 19.30

Snorre Mat & Vinhus
Torsdag18. sept. kl. 19.30: TEODOR VIN
Vinsmaking og 4-rettars middag
Laurdag 20. september:
Spansk Aften, kr 395,-

Drivhuset
Torsdag 2. oktober:
Standup med JONAS RØNNING
Lokale oppvarmarar. Konf.: Fredrik Steen

SNDA
Velkomen!
Mat - Underhaldning - Atmosfære
Tlf 928 43 555 - 6065 Ulsteinvik

Kva skjer

September

13. - 21. Oslo Operafestival, Oslo
18. Vin med Teodor, Snorrebuda, Ulsteinvik
19. - 20. Blåe tonar under breen, Jostedalen
19. - 21. Kunstutstilling, Margrete Ringdal, Vikholmen, Ulsteinvik
19. - 28. Veka 208, Studenthuset Rokken, Volda
20. Standup-show Jon Schau, Kalimera, Fosnavåg
20. Skeiseløp m/Verparen rulleskeiseklubb, Loket, Hareid
20. Parklaurdag, Hareid
22. - 28. Trondheim Kammermusikkfestival, Trondheim
25. Quizleis med Einar Heimdal på Snorrebuda
26. Konsert med Gisle Børge Styve og Heine Totland, Sjøborg Kulturhus, Ulsteinvik
28. Mezzoforte, Studenthuset Rokken, Volda
26. Konsert med Gisle Børge Styve og Heine Totland, Sjøborg Kulturhus, Ulsteinvik Sjøborg Kulturhus, Ulsteinvik
27. Stordans med Vassendgutane i Olivinhallen, Åheim

Oktober

2. Standup-show med Jonas Rønning, Snorrebuda
2. Teater: Zivil, Sjøborg Kulturhus, Ulsteinvik
3. Familieforestilling: Guds gjøglere, Sjøborg Kulturhus, Ulsteinvik
4. - 12. Hjortefestivalen, Vindafjord i Rogaland
10. Gisle Børge Styve og Heine Totland, Studenthuset, Rokken, Volda
11. Margot - The Show, Sjøborg Kulturhus, Ulsteinvik
11. Allsong og bacalao på Snorrebuda
15. - 22 BIFF - Bergen internasjonale filmfestival, Bergen
16. Quizleis med Einar Heimdal på Snorrebuda
17. Tom Hell, Studenthuset Rokken, Volda
18. Skeiseløp m/Verparen rulleskeiseklubb, Loket, Hareid
18. Parklaurdag, Hareid
18. Snipsøyrvatnet rundt, Hareid
23. - 25. Dimnarevyen, Dimna Grendahus, Ulsteinvik
24. Hellbillies, Studenthuset Rokken, Volda
24. Rorbu-standup med Arild Hoksnes, Snorrebuda
25. Konsert med Jørn Hoel og Steinar Albrigtsen Sjøborg Kulturhus, Ulsteinvik
27. Hot Club de Norwege, Studenthuset Rokken, Volda
30. Stand Up Roar Brekke, Studenthuset Rokken, Volda
31. Vazelina Bilopphøggers og Hemingen blandakor Sjøborg Kulturhus, Ulsteinvik

November

1. Karoline Krüger, intimkonsert, Snorrebuda
6. Quizleis med Einar Heimdal på Snorrebuda
14. Gatas Parlament, Studenthuset Rokken, Volda
15. Dans/swing med Ulstein Storband Snorrebuda
20. Lukestar, Studenthuset Rokken, Volda
21. Dance with a stranger, Studenthuset Rokken, Volda.
27. Quizleis med Einar Heimdal på Snorrebuda
27. Danseforestillinga "Rhythm is gonna get you", Sjøborg Kulturhus, Ulsteinvik
28. Marit Larsen, Studenthuset Rokken, Volda.

Kilde: Kulturkalendarane til kommunane i området.
Feil eller manglar? Vil du ha med arrangement?
Ta kontakt på 7000 9660 eller annonser@regionavisa.no

Bestille plass på UTELIV?
annonser@regionavisa.no - Tlf. 70 00 96 60

Vi gjør det vi må for å holde prisene nede!

39,- pr. kg

FERSK SVINESTEK AV BOG
Nordfjord, 39,00 pr. kg

39,90 pr. kg

FERSKE SVINEKOTELETTER
Nordfjord, 39,90 pr. kg

139,- pr. kg

FERSK ENTRECÔTE
Nordfjord, 139,00 pr. kg

99,90

FERSK KYLLINGFILET
Solvinge, 1 kg, 99,90 pr. kg

29,90

HEL GRILLET KYLLING
Solvinge, nettovekt 880 g, 33,98 pr. kg

39,90

FERSK KARBONADEDEIG
Nordfjord, 400 g, 99,75 pr. kg

24,90

FERSK KJØTTDEIG
Nordfjord, 400 g, 62,25 pr. kg

027 003

REMA 1000
bare lave priser

1 04

Fødte

Vil du ha med ditt bilete på denne sida? Dette er gratis hjå oss. Send inn tekst og bilder til ***annonser@regionavisa.no***

Sentralsykehuset i Vestfold.
Synne har fått en nydelig lillebror 10. sept. og vi har blitt stolte foreldre igjen. Stine (f. Grimstad) og Thomas Hetland Hauge, Tønsberg.

Erlend kom til verda 9. september. Lillebror til Hallvard (3) vog 3860 gram og var 52 cm. Foreldre er Synnøve Amdam og Torbjørn Frantsen, Volda.

7. september fekk Sigrun Heltne Vartdal og Jan-Endre Vartdal sitt tredje barn og Sigrid (7) og Sigurd (snart 6) fekk seg ei lita søster. Ho vog 3130 gram og var 51 cm. Stolte besteforeldre er Sigurd og Oddrun Heltne, og Herdis og Håvard Vartdal.

Sander (8) og Patrik (51/2) fekk seg ein liten bror 10. september. Han var 3410 gram og 49 cm. Stolte foreldre er Alma og Geir Idar Kvalsvik, Fosnavåg.

Lucas Alexander kom til verda 10. september. Han vog 4520 gram og var 54 cm. Lukkelege foreldre er Tanja Vatland og Jan-Egil Larsen, Ulsteinvik. Stolte besteforeldre er Ellen Marie og Arvid Georg Larsen, og Rakel og Trygve Vatland.

Vesle Andreas kom til verda 3. sept. på Ålesund sjukehus. 3760 gr. og 52 cm. Lykkelege og stolte foreldre Hilde Kristin Herskedal og Geir Magnus Kvalvik. Stolte besteforeldre Kari og Hallgeir, Liv Sølvi og Eivind.

Lille prinsen vår,Daniel,kom til verda på Fredrikstad Sykehus 3.september 2008, og vog 4200 gram og var 50 cm.Takknemlege og lukkelege foreldre er Brit-Silje Bjåstad Fremmegård og Jens Tore Fremmegård. Stolte besteforeldre: Brit-Kari og Svein Bjåstad. Oldemor, tanter og onklar gratulerer også.

Daniel (6) fekk seg ein lillebror den 10. september, han vog 2850 gram og var 47 cm. Foreldre er Silje Ottesen og Franz-Rudi Warnes, Leikong.

Gifte

Vigde 30. august i Kampen kirke, Oslo. Elsbeth Remøy og Eirik Andersen.

Maybell Iren Barstad frå Barstadvik og Paul Inge Steinnes frå Lid, vigde 2. august. Foto: Marit Lystad Johansen

Linda Nedrelid frå Volda og Svein Håvard Vatne frå Ørsta, vigde 2. august. www.fotografmartalystad.no

Etterlysning

Hei!
Har nokon sett min grønne DBS trehjulssykkel. Den forsvann frå Symrevegen i Volda forrige veke. Helsing Augusta Tlf. 938 73 971

Fødselsdag



Vår kjære sjørøvar Robin, fyller 4 år 21. september.
Håper dagen blir fin. Stor klem frå tante, onkel, Marie, Emilie og Martine.

Ole Stian Nystøyl 25 år, 15. september. Vi vil gratulere pappa med 25 -års dagen! Vi er kjempeglade i deg gode pappsen vår!! Stor klem frå jentene dine, Andrea og Helene. Mamma helser og.

Ej vil gratulere verdens beste storebror, Nicholas N. Masdal med 7 års dagen onsdag 17. september. Kjempe glade i dej. Klem frå Alexander. Mamma, pappa og resten av familien gratulerer også.

Ørsta og Volda Hundeklubb
arrangerer
Kvelpe- og unghundkurs
mandag 22. september i Ørsta

Påmelding/info:
Tlf. 909 69 282 e.kl. 17.

NB! Adferdseminar med Gry Løberg 1.-2. november

Blir til Norgeshus

Styra i Handverksbygg as og Boligsenteret as har beslutta å fusjonere selskapa for å bli ein meir komplett bustadleverandør. Det nye selskapet skal heite Norgeshus Ulsteinvik.

Selskapa har i ei årrekke samarbeida tett, og sidan 2004 har selskapa vore samlokalisert med felles forretningslokale i Saunesmarka. Boligsenteret har som Norgeshusforhandlar hatt sal og oppføring av bustader som hovudsatsingsområde. Handverksbygg har som allsidig byggmesterforretning utført det meste innan tømrarfaget. Selskapa har såleis utfylt kvarandre på ein svært god måte.

Dei seinare åra har begge selskapa hatt ei betydeleg auke i oppdragsmengde, samt at prosjekta som selskapa har teke på seg har vorte stadig meir omfattande. Ein ser samstundes at strengare og meir omfattande regelverk vil stille større krav til aktørane i framtidig byggenæring. Ved å slå saman selskapa vil ein kunne samordne kompetansen og frigjere administrative ressursar til det beste for kundane og dei tilsette.

Målsettinga med fusjonen er at selskapet skal kunne tilby gode tenester utført av godt kvalifiserte og motiverte tilsette i alle ledd.

Selskapet vil vidareføre sine medlemsskap i Norgeshus, Byggeriet og Byggmesterforbundet.

Selskapet vil i framtida marknadsføre seg som Norgeshus Ulsteinvik og vil etter fusjonen ha 13 tilsette og omsette for om lag 30 mill kr i året. Hans Olav Hasund vert dagleg leiar for selskapet.

Utsillingslokale på Ørsta Torg

Jan-Peter Lannerholm, Kinga Celej og Jahn Christer Nerbøvik i lokala som skal romme utstillingar for kjøkken- og baderomsinnreiingar, samt eit stort utval i mellom anna fliser og parkett.

Jan-Peter Lannerholm vil opne eit 400 kvadratmeter stort utsillingslokale på Ørsta Torg i første halvdel av oktober. Lannerholm vil tilby skreddarsydde løysingar til kjøken og bad, samt ha ein del møblar til resten av hushaldet.

- Vi samarbeidar med leverandørar i Polen og Estland, og vil importere direkte frå dei. Ved å kutte ut fordyrande mellomledd, kan vi tilby kundane eit stort vareutval til lave prisar. Det er her snakk om høgkvalitetsvarer, som vi kan skaffe til langt lågare pris enn andre, seier Lannerholm.

Med seg på laget har han blant andre polske Kinga Celej, som vil være kundekonsulent i utstillingsrommet.

- Eg vil også stå for kontakten med leverandørane våre, og vi kan skaffe omtrent kva det skulle vere av ønskelege produkt. Blant anna kan ein handle kvalitetsflis og parkett hos oss. Vi har kjøkkeninnreiing, spa, dusj, boblebad, baderomsmøblar, garderober, møbler, dører og vindauge. Pluss mykje meir ein kan finne i katalogane våre, fortel Celej.

Lannerholm ønskjer også å tilby komplette løysingar og service til kundane.

- Det er viktig å understreke at dette ikkje blir eit lagerutsal. Det er kun bestillingsvarer etter kunden sine ønskjer. I tillegg til å levere produkta vil vi kunne tilby full service, med renovering og montering gjennom selskapet og samarbeidspartnarar. Slik får kunden kun eitt firma å forhalde seg til, med ein samla faktura, fortel Lannerholm.

Lannerholm har eigne lastebilar til disposisjon og har leigt gamle godsterminalen til Mørebil.

- Dette vil tene som eit mellomlager der kunden kan hente varene sine. Vi vil også sjølvsagt tilby utkjøyring til dei som ønskjer det.

TEKST OG FOTO: MONICA IREN MOE MASDAL

Trygg med demens!

Tema for Demensaksjonen 2008 er Trygg med demens! Det er avgjørende for personen som får en demensdiagnose at de kan føle seg trygge. Et godt nettverk og nærmiljø er sentralt for den syke og for familien når livet blir snudd opp ned.

Mange mister fotfestet i tilværelsen når demens rammer, og hverdagen kan preges av bekymring, usikkerhet, angst og forvirring. Av og til kan enkle grep gjøre hverdagen tryggere og mer forutsigbar. Riktig diagnose, åpenhet om sykdommen, tilrettelagt informasjon og tilpassede aktiviteter har stor betydning for opplevelsen av trygghet.

Når du støtter Demensaksjonen 2008, støtter du både dem som har demens og deres pårørende. Det er stort behov for forskning, undervisning, behandling, omsorg og støtte. Nasjonalforeningen har arrangert en årlig bøsseaksjon til inntekt for demenssaken siden 2001. Aksjonen arrangeres samme uken som Den internasjonale Alzheimerdagen 21. september. Bidrag til Demensaksjonen går til forskning og utvikling, samtalegrupper for demenssyke og deres pårørende, informasjonsarbeid som demens og opplæring av frivillige. Over 130 demensforeninger over hele landet arrangerer flere hundre aktiviteter og tiltak, som finansieres gjennom innsamlede midler.

Symptomer på demens

Demens fører som regel til store forandringer hos den syke, psykisk som fysisk. Hukommelsen forverres, man blir desorientert i forhold til tid og sted, enkle handlinger som å kle på seg, eller lage mat blir uoverkommelige, og mange opplever angst og depresjoner som følge av sykdommen. Demens er uhelbredelig og gjør mange totalt pleietrengende. Demens rammer først og fremst mennesker over 65 år. Flere eldre betyr flere som får demens. I 2030 vil det sannsynligvis være dobbelt så mange personer med demens i Norge som det er i dag.

Ring Demenslinjen 815 33 032

Nasjonalforeningen for folkehelsens telefontjeneste, Demenslinjen, er den eneste av sitt slag i landet, og er åpen for alle med spørsmål om demens. Demenslinjen drives av helsepersonell med taushetsplikt, mandag til fredag fra kl. 9 til 15.

Ny prosjektleiar i hoppid.no

Måndag 1. september starta Tom Roar Birkelund som ny prosjektleiar i hoppid.no.

Tom Roar er 27 år gamal og utdanna siviløkonom med spesialisering i innovasjon & entreprenørskap og forretningsutvikling. Dei to siste åra har han vore trainee i Kom Trainee programmet i Kristiansund, og har arbeida med fleire forskjellige prosjekt i ulike bedrifter.

- Jobben som prosjektleiar i hoppid.no vert ei spennande utfordring for meg. Entreprenørskap er noko eg brenn for, og eg har stor tru på at hoppid.no som Innovasjon Norge og Møre og Romsdal fylke har sett i gong saman med kommunane, er vegen å gå for å auke talet på gode nyetabeleringar, seier Tom Roar.

Han tek over stillinga som prosjektleiar etter Malene Aaram, ho startar som rådgivar i Sunndal Næringsselskap AS. hoppid.no er no inne i sitt 3. år og på veg over i ei driftsfase.

Gode råd

Mette Ryste Skjeret er ein av kunderådgivarane våre med brei kunnskap innan økonomisk rådgiving. Når du skal planleggje økonomien din er det godt å snakke med nokon som har både kompetanse og gode rådgivingsverktøy - det kan løne seg.

Ta kontakt for ein uforpliktande samtale - tlf 481 81 326 eller mette.skjeret@sbm.no.

SPAREBANKEN MØRE

FREDRIK STEEN
rett & slett

Du skjønar, eg har sett inn pengane på ein måte som ikkje viser på konto.

Til låns

Det fine med å låne sukker med naboen er at ein får prata litt.

Det var noko trygt og godt med å gå til naboen for å låne ein kopp sukker då eg vaks opp. Låninga gjekk på kryss og tvers i nabolaget, og det vårt lånt både mjøl, mjølk, bakepulver, sukker og ferdigbaka brød. Om ein berre trengde ein liten kopp sukker, var det ikkje så nøye med å gje tilbake, for slikt gjekk som regel opp i opp over tid. Men det var ein uskreven regel om at uopna pakkar med matvarer vart gjort opp for med tilsvarande vare innan rimeleg tid. Lånesystemet gjekk på skinner utan administrasjon, og ingen lånte særleg meir enn andre. Det var ei fin ordning, og føltes aldri flaut verken for den eine eller den andre. Men først og fremst var matlåninga eit fint høve til å slå av ein prat og høyre korleis det stod til. Det er blitt langt mindre av slikt etter at butikkane begynde med kveldsope. I beste fall kan ein jo stikke innom på Rema og låne ein kopp sukker. Det enkle er jo som regel det beste.

Heldigvis var det ganske slakke utlånsrammer på sukker og mjøl i nabolaget mitt, og ingen førte regnskap over kva som vart lånt. Men ein annan god mann eg kjende, fortalde at han ein gong hadde lånt ein halvfull pose med filterkaffi av den notirisk, gjerigge naboen sin. Jau, kaffi skulle han få, men i dét posen vart overlevert på trappa vart det seriøst og ettertrykkeleg presisert: ” Ikkje gløym å levere tilbake, då!”

Myten om den gjerrige sunnmøringen har nok noko ved seg. Men sunnmøringen er i tillegg livredd for å bli påspandert noko, og gjenopprettar maktbalansen etter kort tid ved til dømes å setje ein ny halvliter på bordet ditt før du har rokke å drikke den første. Sunnmøringen gjer opp for seg nemleg, under parolen: Ingen skal i alle fall ha noko på meg. Eg spanderte ei pils på ein fjern bekjent for eit par år sidan, og han vart så paff at han umiddelbart spanderte to tilbake. Han vann med andre ord. Men spandering handlar jo om at ein ikkje forventar noko tilbake. Ei anna historie går på den bemidla sunnmøringen som kjøpte rådyr Champagne til ein annan, men då denne ville gjere opp for seg, fekk han følgjande utsegn klistra i panna: ”Eg er rik! Du er fattig!” Det er mange måtar å skaffe seg sjølvtillit på her i verda.

Ein treff òg snikar i det sosiale lånesegmentet, nemleg bommarane - dei som alltid bommar både øl og sigarettar og småpengar, i tillegg til at dei alltid har dei mest fantasifulle forklaringar på kvifor lommeboka ligg i feil jakke i feil bil, eller at den nye koda til bankkortet vart stole av ein kriminell bande frå ein annan galakse. Dessuten er det alltid pengar på veg til bommarane, og historiene om dette er som regel verdt den femtilappen aleine. Ein ekstrembommar eg nyleg høyrde om, mangla ein tiar til ei øl, og spurde ein kompis om å få låne. No viste det seg at bommaren faktisk hadde ein tohundrelapp i lomma, men meinte det var tryggast å låne den tiaren likevel, for då slapp han jo å sprette tohundrelappen. Eg er i mot vald, men innrømmer gjerne at eg av og til føler ein sterk trong til å fike til folk.

Ein annan kar som skulda meg tre tusen kroner for mange år sidan, fekk uovermåteleg lang tid til å gjere opp for seg, men etter eit halvår med bortforklaringar om at banken rotar, og at det dessuten var mykje datatrøbbel med Bankenes Betalingssentral på den tida, begynte eg å miste tolmodigheita. Siste veka eg ringde og masa, påstod han hardnakka at pengane var sett inn på konto, og grunnen til at eg ikkje kunne sjå dei på kontoutskrifta enno, var at eg hadde ein annan bank enn han, og då kunne det gå opp til åtte dagar, meinte debitor. Siste gongen eg spurde etter pengane, pressa eg han så langt oppi eit hjørne at det ikkje var mogleg å finne på fleire røvarhistorier. Men jaudå, han fornekta seg ikkje: ”Du skjønar, eg har sett inn pengane på ein måte som ikkje viser på konto.” Etter å ha ledd meg halvt ihel, ringde eg Mikke Mus og sette han på saka. Og skurken var Spøkelseskladden, viste det seg. Men etter eit par månader til fekk eg faktisk igjen pengane, og det attpåtil på ein måte som viste på konto.

Bortsett frå bankane, så låner vi ikkje så mykje av kvarandre lenger. Med kveldsopne butikkar har vi som regel det meste tilgjengeleg, og rådyre kredittkort har teke over mykje av den smerta det er å spøre vener og slekt om hjelp. Men vi burde låne meir av kvarandre. Ber ein om hjelp, så får ein det som regel. Eller i det minste kan ein bruke metoden til bror min for nokre år sidan. Han hadde nyleg flytta inn i ei blokk på Romsås i Oslo, og ville svært gjerne bli kjend med dei nye naboane sine. Då var gode råd billege, og han gjekk over gangen til naboen og ringde på, med ein medbrakt kopp i handa, fylt med sukker: ”Hei! Eg er den nye naboen din! Skal du låne ein kopp sukker?”

fredrik@regionavisa.no

Kos deg med GRATIS Regionavisa på Møre-ekspressen *(Nattbussen til/frå Oslo)*

Fjord1 Buss Møre AS, tlf. 70 07 47 00

Alle kommer med NOR-WAY BUSSEKSPRESS

Hos Specsavers t.o.m. 27. september

2 FOR 1

795,-

0,-

Hos Specsavers får du alltid 2 for 1. No har vi redusert prisane for å gi deg eit ekstra godt tilbod: Første par 795,-. Andre par: 0,-. Til denne prisen får altså du to par briller inkludert einstyrke standardglas frå PENTAX. Bestill synsundersøking i dag!

Gjeld ved kjøp av briller frå 795,-. Når du kjøper briller med progressive glas frå kr. 1500,- får du same type standard-glas (Enkel 1.5, Premium 1.5, Elite 1.5) i det andre paret. Ved val av andre glas eller overflatebehandlingar kjem det ekstra kostnader i følgje vår ordinære prisliste for begge brillene. Tilbodet gjeld med same brilleseddel og kan ikkje kombinerast med andre tilbod.

VI FEIRER 10 ÅR I ØRSTA

ØRSTA: Vikegata 38, 70 06 97 00

www.specsavers.no

Specsavers Optikk

Bytt til Specsavers du også

Adv. Sande Eigedomsmegling

EINEBUSTAD I REKKE

i Solhøgda 3 A i Volda til sals.
Huset er oppført i 1998 i 2 etasjar og loft.
Bta/bra 176/161 m².
I underetasjen er gang, 3 soverom, eit med utgang til sørvendt terrasse, vaskerom, bad/wc og buder. I 1. etg. er gang, kjøken, stove m/utgang til sørvendt veranda, soverom, bad/wc og bud. På eigedomen er oppført frittståande garasje.
Eigedomstomt på 377,5 m^2 nær turterreng og med flott utsikt over sentrum, fjord og fjell i barnevennleg og roleg område.
Verditakst kr 1.890.000,- .
Vising torsdag 18. september kl. 18-19
Nærare opplysningar og salsoppgåve:

ADVOKAT
LARS E. SANDE
Halkjelsgt. 1, 6100 Volda - Telefon 70 07 74 00
www.advokatsande.no

Er du forberedt?

Gode forsikringar - gjer livet enklare om ulykka er ute.

Anne Margrethe Aasen er ein av kunderådgivarane våre med brei kunnskap innan økonomisk rådgiving. Ho kan blant anna finne ut om det løner seg for deg å samle alle bank- og forsikringstenestene dine i Sparebanken Møre.

Ta kontakt for ein uforpliktande samtale - tlf 918 17 900 eller amaasen@sbm.no.

SPAREBANKEN MØRE

ÅPENT HUS I UKE 39!

Med en AKTIV nåtid får du en SUNN fremtid!

AKTIV TRENING HOLDER ÅPENT HUS I UKE 39!

Vi ønsker deg hjertelig velkommen til fritt å prøve våre tilbud!

Aktiv-medlem får bl.a.
* tilgang til trening når det måtte passe!
* internettBOOKING til gruppetimer!
* kun min. 6 mnd. bindingstid.

NYE GRUPPETIMER
DU finner høstens gruppetimer på nettsiden vår: www.aktivtrening.no Velg ditt senter.

PLUSS
DU får også en Aktiv-sportsbag ved å bli medlem før 31.10.08 Er du medlem fra før? Verv en venn før 31.10.08 og få en bag!

Se vår nettside for beliggenhet og treningstilbud: www.aktivtrening.no

PS! vi har online-booking til gruppetimene!

Velkommen til Aktiv trening!

Herøy
Ulstein
Hareid
Ålesund(Nørve)
Ålesund(sentrum)
Giske
Volda
Eid

aktivtrening
www.aktivtrening.no

Bilder fra ødeleggelsene etter orkanen "Ike" i området mellom Gavleston og Houston.

I denne gaten var vannstanden 80 cm da naboen rodde igjennom området søndag. Bildet er tatt noen dager før orkanen, fra venstre Solveig, Sander, Turid og Leif Jonny. Foto: Øystein Hofseth.

Hva kommer etter ”Ike”?

Orkanen ”Ike” herjet med Texas i helgen. Vindstyrken ble mindre enn fryktet og USA slapp billigere unna enn de karibiske øyene. Likevel har ”Ike” gjort enorme skader og Texas er erklært som nasjonalt katastrofeområde.

Fem personer mistet livet, 4-5 millioner er uten strøm, 20 prosent av USA's oljeproduksjon er ute av drift og infrastrukturen i området har fått seg en knekk som det vil ta lang tid å komme over. Det alle spør seg om nå er hva som kommer etter ”Ike”.

Familien Hofseth-Ulleland fra Ulsteinvik var blant de heldige under orkanen ”Ike”. De er bosatt sør for Houston i Texas, USA og huset deres sto midt i orkanens herjinger. Huset har fått skader, men vannmassene stoppet noen centimeter fra å trenge inn i første etasje.

– Vi har vært heldige. Mange rundt oss har blitt rammet mye verre. Men vi er usikre på når vi kan flytte tilbake, sier Leif Jonny Ulleland. Han jobber som salgs- og servicesjef for Rolls-Royce i Galveston og bor sammen med kona Turid Hofseth og sønnen Sander (11) i den lille byen Kemah, midt i mellom Houston og Galveston.

Foreldrene til Turid, Solveig og Øystein Hofseth er på besøk. Og sist søndag skulle de feire Øystein sin 75 års dag. De hadde allerede planlagt å feire dagen i San Antonio, 25 mil nordvest for Houston og ”Ike's” herjinger. Derfor var de trygt plassert før alle andre.

Deler av taket har blåst av huset til Hofseth-Ulleland i Kemah. Verandaen er borte og et større tre har falt ned i hagen. I gatene var det 80 cm med vann søndag, men huset deres ligger på en liten høyde og unngikk oversvømmelse. Skolen til Sander ligger ved en kanal og er stengt på ubestemt tid.

Kontoret borte vekk

Arbeidsplassen til Ulleland har også blitt hardt rammet. Rolls-Royce har et nytt service senter under bygging nede ved vannkanten i Galveston. Mange oljerigger kommer inn til verft i Galveston for vedlikehold og oppgradering. Det er også en betydelig cruisehavn i byen. Her har Rolls-Royce bestemt seg for å satse.

- Heldigvis er vi mye forsinket. Hadde vi vært ferdig for ett år siden som først planlagt, så kunne store verdier gått tapt. Vi driver nå med grunnarbeidet til den nye servicehallen og bygget skal etter planen stå ferdig i desember. Verre er det med ”kontoret” vårt, to husvogner. De er nok borte vekk for alltid, sier Ulleland.

De karibiske øyene hardest rammet

Media er mest opptatt av orkaner som rammer USA. Men faktum er at de karibiske øyene er langt hardere rammet. Minst 500 mennesker omkom på Haiti da orkanen ”Hanna” feide over området. På Turks- og Caicos-øyene har ”Ike” skadet 80 prosent av hjemmene og flere fattige lokalsamfunn på øyene har blitt fullstendig pulverisert. Hvor mange som har mistet livet etter den siste orkanen er det ingen som har oversikt over ennå.

215 km/t

Orkanen ”Ike” ble som alle andre orkaner der borte dannet over varmt hav (minst 26-27 grader) i Nord-Atlanteren og gikk vestover. De karibiske øyene ble rammet først og hardest. Vindstyrken til ”Ike” var 215 km/t da den traff Turks- og Caicos-øyene og ”bare” 177 km/t da den traff USA.

Orkansesongen i Nord-Atlanteren varer fra juni til november. Orkanene ”Gustav”, ”Hanna” og ”Ike” har passert. Fortsatt er det to måneder igjen av sesongen. De tre neste orkanene heter Josephine, Kyle og Laura. Når kommer de? Og hva vil de bringe med seg? Har det noen hensikt å bygge opp igjen når en ny orkan alltid venter?

Det er mindre enn tre år siden orkanen Katrina forårsaket den største naturkatastrofen i USAs historie i New Orleans-regionen. Over 1000 mennesker ble drept og det ble gjort skader for 700 milliarder kroner.

Kraftigere orkaner i vente

Forskere mener at vi må forberede seg på at den globale oppvarmingen vil føre til varmere hav og kraftigere orkaner. Professor Kerry Emanuel fra Massachusetts Institute of Technology (MIT) har i en studie beregnet at styrken på de tropiske syklonene har nesten doblet seg siden 1950-tallet. FNs klimapanel uttalte i fjor at det er sannsynlig at tropiske sykloner vil bli mer intense i dette århundre.

For familien Hofseth-Ulleland fra Ulsteinvik gikk det bra denne gang. De vil kunne flytte tilbake til huset sitt i Kemah, selv om de ennå ikke vet når. Øystein og Solveig Hofseth kan reise hjem til Ulsteinvik som planlagt 23. september, men kanskje fra en annen flyplass en Houston.

Det blir interessant å se når og hvordan samfunnet i Galveston og Houston området vil fungere igjen. Når kan Sander begynne på skole igjen? Hvordan vil det gå med nybygget til Rolls-Royce i Galveston?

Enda mer spennende vil det bli å følge med på de neste orkanene som kommer. Oftere og kraftigere sier ekspertene.

ARNFINN INGJERD

Endelig onsdag

Når kommer neste orkan? Og hva vil den bringe med seg?

Søre Sunnmøre

Avd. Ørsta tlf. 70 06 11 11
Avd. Volda tlf. 70 07 87 70
Avd. Ulsteinvik tlf. 70 01 37 05

Nina R. Bjerkvik
Avd.leiar / Eigedomsrådgjevar
Tlf. 909 92 420
Avd. Ørsta

Terje Lillås
Eigedomsrådgjevar
Tlf. 906 75 525
Avd. Volda

Hanne Kristin Sæter
Eiendomsrådgiver
Tlf. 926 60 728
Avd. Ulsteinvik

Bjørn Erik Fosseide
Næringsmegler Møre og Romsdal
Tlf. 464 23 850
Avd. Molde

Håkon Lutdal
Markedssjef prosjekt
Tlf. 951 72 716
Avd. Prosjekt Tr.heim

Kjerring-haugane 26

ENEBOLIG

6065 Ulsteinvik
Prisant.: 1 350 000,- + omk.

Oppdr.nr.: 19080025
P-areal/Bta/Bra: Ca. 82/121/109 kvm
Tomt: Ca. 799 kvm, eiet
Byggeår: 1988

Enebolig beliggende i veletablert boligområde i Sundgotmarka.Et barnevennlig område med idrettsanlegg og barnehage i nærheten. Barneskole og butikk er ca 1 km unna. Eiendommen fremstår godt vedlikeholdt og med et tiltalende inntrykk.
Eneboligen inneholder vindfang, entre, to soverom, bad, vaskerom, kjøkken, stue og bod. Fra stuen er det utgang til terrasse og fra vaskerom er det utgang til terrenget. Eneboligen har kryploft med lagringsmuligheter, og i garasjen er det en utvendig bod.
Velkommen på visning!

Visning: **Mandag 22.09 kl.16:30-17:30**
Ansv. megler: Hanne Kristin Sæter
Telefon: 92660728

Ulsteinvik: Sjøgata 13, 6067 Ulsteinvik, tlf. 70 01 37 05
Ørsta: Vikegata 11, 6150 Ørsta, tlf. 70 06 11 11, faks 70 04 72 01
Volda: Gymnasvegen 2, 6100 Volda, tlf. 70 07 87 70
www.eiendomsmegler1.no

EigedomsMeklar 1

STOR **Bilutstilling**

Fosnavåg onsdag 17.9. kl 15-19
ved Statoilstasjonen på Eggesbønes
Ulsteinvik torsdag 18.9. kl 15-19
på Saunes, ved tidlegare Rema 1000

Volda Bil AS
Prestegata 29, Volda
Tlf. 70 05 44 00
www.peugeot.no
PEUGEOT

Ørsta Bil AS
Strandgt. 9, Ørsta
Tlf. 70 04 92 00
www.orstabil.no
Ford NISSAN

as Autoservice
Anders Hovdensg 14, Ørsta
Tlf. 24 03 42 50
www.autoservice.no
Audi

Bjørdal Bil AS
Hovdebygda, Ørsta
Tlf. 70 04 76 70
www.bjordalbil.no
HONDA SUZUKI

Volda Bilsenter AS
Elvegata 22, Volda
Tlf. 70 07 98 00
www.voldabilsenter.no
DAIHATSU KIA

Regionavisa sept. 2008

Ulsteinvik er i desse dagar vertskap for den verdskjente fotografen Knut Bry si utstilling ”Empty Stores”. Utandørsutstillinga inneheld over tredve store fotografi, dei største måler fire meter i høgda, og bileta finn du spreidd rundt omkring i Ulsteinvik.

”Empty Stores” syner nedlagte, tomme butikkar som Knut Bry har fotografert rundt omkring i landet.

– I løpet av ei helg i Vestfold, fann eg so mykje som 400 nedlagte og tomme butikkar. Eg syns det er dramatisk for heile landet at inntoga av store kjøpesenter øydelegg tettstadane våre. Eg meiner rett og slett at ein burde forvise alle kjøpesenter, eg har enno til gode å finne eit fint kjøpesenter, seier ein engasjert Bry.

Gøym dei under jorda

Bry synes det for så vidt er greit at store byar har kjøpesenter, men meiner planlegginga av sentera bør bli mykje betre.

– Kan ein ikkje legge dei under jorda til dømes? I Paris har dei skjønt det. Der ligg det eit kjempestort kjøpesenter under jorda ved Louvre. Pyramiden som står ved museet er invertert ned i bakken, og sørgjer for at senteret under jorda får dagslys ned til seg. Oppe på bakken, er det ikkje teikn til senteret i det heile tatt. Det må vel vere mykje betre å bevare det unike på denne måten, samtidig som ein kan får eit kjøpesenter innandørs? Paris bugnar av små butikkar og ein går aktivt inn for å bevare dei små unike lokale sjappene. Alle byar det er interessant å vitje har bevart småbutikkane sine, seier Bry.

Service

Bry meiner det er på tide at ”små-folket” går til aksjon mot etablering av store kjøpesenter.

– Eg er sikker på at det ikkje er med lett hjarte mange småforretninger flyttar inn i store senter. Eg trur nok at valmoglegheitene for desse er heller små, ein blir på ein måte tvungen inn i store senter. Det som skjer er at absolutt alle senter ser heilt like ut, og ein mister det unike ved småbutikkar som har vore samlingspunkt for befolkninga på tettstader tidlegare. Eg synes det ville vore heilt på sin plass å gå i regelrett streik mot kjøpesenter. Handlar ein ikkje der, ja så vil det ikkje vere teneleg med eit stort og upersonleg senter då!

Bry peikar på ein annan ting ved dei store sentra.

– Ein vil aldri oppnå same nivå på servicen i eit kjøpesenter som ein får i mindre butikkar. Dessutan, kor mykje skrammel treng folk egentlig? Bruk og kast mentaliteten når nye høgder, og vi druknar snart i alle innkjøpa som vi strengt tatt ikkje har behov for. Forbrukarmentaliteten er skadeleg for miljøet vårt, og eg synes det er på høg tid at folk gjer noko med det!

Nedlagt land

Bry synes det er fryktelig trist å sjå kor aude mange tettstadar i Norge har blitt.

– Det er nesten slik at ein trur ein kjem til eit nedlagt land. Tomme butikkvindauger overalt og berre litt søppel som driv rundt i gatene med vinden. Når vi nordmenn reiser til utlandet på ferie, så veljer vi dei små lokale kaféane og dei små trange gatene med sjarmerande butikkar. Kvifor kan vi ikkje overføre litt av dette på heimebane? Kvifor kan vi ikkje kjempe imot etableringa av store senter som vil rasere tettstadane våre? Eg kan rett og slett ikkje skjøne at nordmenn ønskjer ei slik utvikling. Og når kjøpesenteret først står der, ja då er det for seint å gjere noko med det, understreker Bry.

Knut Bry er nok ein av Norges mest kjende fotografar internasjonalt, men han har alle tider vore selektiv når det gjeld oppdraga han tek på seg.

– Eg har fått ei rekkje tilbod om å ta på meg store kampanjer for store tobakkselskap. Eg kunne nok tent millionar av kroner på slike kampanjer, men eg gidd ikkje å gå på akkord med meg sjølv. Eg har heile tida freista å vite kven eg arbeider for, men det er jo ikkje alle tider så veldig enkelt då. Eg meiner, desse gigantselskapa har ein masse stråselskap som gjer det veldig komplisert å finne ut kven som faktisk er oppdragsgivar. Eg har blitt meir og meir miljøbevisst og imot den overfladiske bruk- og kastmentaliteten. Det har nok sikkert litt med det å gjere at eg arbeidde lenge innan moteindustrien, og fekk nok ei overdose der, seier han.

Mindre reising

Knut Bry har reist i inn- og utland i større grad enn mange andre. No har han sett reisebegrensningar på seg sjølv.

– Av omsyn til miljøet freistar eg å kutte ned på reisinga til eit minimum. Men når eg først er ute og reiser, passar eg på å kjøpe klimakvoter. Slik det er no er flybillettar altfor billege, og dei store selskapa gjer det ikkje enkelt for reisande å tenkje på miljøet. Miljøkvoter burde bli fast del av billettane, slik det er no må kvar og ein syte for å kjøpe kvoter sjølv. Eg ønskjer at fleire skal få opp augene og sjå at vi er nøydde til å handle no, ikkje om fleire år framover i tid! Eg voner at utstillinga mi kan vere med på å bevisstgjere littegranne i alle fall.

TEKST OG FOTO:
MONICA IREN MOE MASDAL

Knut Bry er ein engasjert forkjempar for miljøet og vonar at utstillinga hans ”Empty Stores” kan vere ein tankjevekkar.

– Ein burd

de forvise alle kjøpesenter





Ein leikande fotograf Knut Bry er godt nøgd med at Ulsteinvik sa ja til å syne fram fotografia hans.

KVINNER I ARBEIDSLIVET: *Medarrangør av "Kvinner i Vekst", Merete Drønnen, er personalsjef i Kystverket Midt-Norge. Hennar erfaring er at kvinner har ein tendens til å undervurdere sine kunnskapar og evner i arbeidslivet.*

DET VANSKELEGE STEGET: *– Vi trur at kvinner i fylket vårt både kan og vil. Gjennom "Kvinner i Vekst" håper vi å kunne gje det vesle puffet som skal til for at dei kan gå nye vegar og nå nye mål, seier konferansearrangørane Anne Berit Olsvik (t.h) og Merete Drønnen frå Ålesund.*

TRENG MEIR SJØLVTILLIT: *– Gjennom jobben min ser eg dagleg at kvinner slit med dårleg sjølvkjensle, men at ofte er det berre eit lite ekstra puff som skal til før dei tørr å ha tru på seg sjølv, seier imagekonsulent og konferansearrangør Anne Berit Olsvik frå Ålesund.*

– Må tørre og våge!

Konferansen "Kvinner i Vekst" er det einaste av sitt slag på Nordvestlandet og skal finne stad i Ålesund i oktober. – Målet vårt er å bidra til at kvinner står fram med større sjølvtillit og utviklar meir av sitt potensiale og individualitet, seier arrangørane Anne Berit Olsvik og Merete Drønnen.

Gjennom sine respektive yrker har imagekonsulent og etablerar av "Total Image", Anne Berit Olsvik, og personalsjef i Kystverket Midt-Norge, Merete Drønnen, erfart at kvinner har ein tendens til å undervurdere sine kunnskapar og evner i arbeidslivet.

Ved å arrangere konferansen "Kvinner i Vekst", ønskjer dei gjennom fokus på karriere, kommunikasjon, motivasjon og personleg utvikling, å motivere kvinner på alle nivå i arbeidslivet til å tørre å stå fram med større sjølvtillit.

Trur kvinner vil og kan

Det er mykje statistikk som underbyggjer at røyndomen stemmer overeins med erfaringane til konferansearrangørane. Sjølv om det er flest kvinner som tek høgare utdanning i Norge, viser tal frå Statistisk sentralbyrå at berre tre av ti leiarar i næringslivet er kvinner.

I ei samanlikning mellom fylka i landet viste det seg nyleg at Møre og Romsdal er verstingar når det gjeld andelen kvinnelege etablerarar. Som prikken over i-en har mange kommunar i vårt fylke i ei årrekkje skåra oppsiktsvekkande lågt på Statistisk Sentalbyrås likestillingsindeks. Undersøkinga i 2007 stilte Møre og Romsdal på ein 17. plass samanlikna med landets 19 fylker.

– Vi trur at kvinner i fylket vårt både kan og vil. Gjennom konferansen håper vi å kunne gje det vesle puffet som skal til for at dei kan nå nye mål, seier Merete før ho legg til:

Frå venninner til vekst

– I min jobb som personalsjef ser eg ofte at menn ikkje har problem med å søkje høgare stillingar enn det dei er kvalifiserte til. Kvinner søkjer først på slike stillingar når dei stettar alle kunnskapskrava, og sjølv då stiller mange til intervju med dårleg tru på seg sjølv.

Dette var ein av grunnane til at Merete takka ja då Anne Berit i vår slo på tråden for å spørje om ho kunne tenkje seg å vere medarrangør til konferansen. Anne Berit har tidlegare vore arrangør av "Kvinner og Venninner" konferansen som i fjor samla 350 deltakarar frå heile landet i Ålesund. I år ønskjer ho å satse på ein konferanse som er meir retta mot kvinner i arbeidslivet og i leiande stillingar. Derfor er ho svært nøgd med å ha fått Merete med seg på laget og hennar erfaring frå styreverv og kompetanse innan leiarutvikling og personalutvikling.

Det vesle puffet

Anne Berit har vore sjølvstendig næringsdrivande i 25 år og har sjølv erfaring med kor vanskeleg det kan vere å tørre å realisere sine karrieredraumar:

– Ein gong i tida hadde eg ganske dårleg sjølvtillit og måtte motivere meg sjølv til å tenkje annleis. Eg veit det kan vere ei utfordring å endre negative tankemønster, men det er verkeleg verdt det!

Gjennom verksemda "Total Image" tilbyr ho i dag kurs, seminar og individuelle konsultasjonar i korleis ein kan skape sin personlege og profesjonelle image - og på den måten forsterke kommunikasjonen med omgjevnadane.

– Gjennom jobben min ser eg dagleg at kvinner slit med dårleg sjølvkjensle, men at ofte er det berre eit lite ekstra puff som skal til før dei tørr å ha tru på seg sjølv; til å realisere sine draumar og vise sin individualitet, fortel ho.

Eigenutvikling

Båe arrangørar trur at kvinner ofte veit best kva kvinner treng. Derfor samlar dei til ein kvinnekonferanse der dei har samla eit knippe norske kvinnelege føredragshaldarar som i to dagar til ende skal ause av sine fagfelt. Eksempelvis skal Anne-Mette Røsting vere ein av føredragshaldarane. Ho skal snakke om temaet: "Du får det du ber om" medan Eldbjørg Gui Standal skal snakke om kvinner i leiing. Irmelin Drake skal lære deltakarane korleis dei kan marknadsføre sin humankapital. Andre tema som skal belysast i løpet av den to dagar lange konferansen er: å våge å tørre, effektiv kommunikasjon og korleis ein kan utvikle seg sjølv som merkevare.

Hjelp til sjølvhjelp

– Vi har også vore så heldige å få med oss Guri Schanke og Hilde Lyrån som konferansierar, fortel arrangørane som håper at flest mogleg kvinner frå ytre Sunnmøre tek turen over fjorden for å delta på kvinnekonferansen - for å utveksle sine erfaringar; for å få inspirasjon og for å vere med på å etablere nye nettverk.

– Dersom kvinner inspirerer kvarandre til å vekse, så vil også den som hjelper vekse, minner Anne Berit om.

For meir info. om konferansen og føredragshaldarane: www.kvinnerivekst.no

TEKST OG FOTO:
A-REPORT/ANNA GOKSØYR

P
08 - 17
(08 - 15)
CF1409

BLÅ HUSET

ULSTEINVIK
922 41 510

An Chri
Barnehjørnet
Benetton
Best Fashion
Bianco Footwear
Bjørklund
Blend
Bohemian
Coop Mega
Elite-Foto
Fryd
Føhnix Frisør
Glitter
IN
Intersport
Mester Grønn
Nille
Notabene
Parfymelle
Ringo
Sunkost
Sunt & Nam
Tilbords
Ulstein Apotek
Valaker Bakeri
Vinmonopolet
Wolvestone Bay

10-19
Laurdag:
10-16

Coop Mega
9-21
Laurdag
9-20

Ulstein Apotek
9-17
Laurdag
10-15

Vinmonopolet
10-16.30
Fredag
10-18
Laurdag
10-14

BLÅHUSET kjøpesenter

Nytt døgnope automatområde i 1. etg. ved inngangen til Valaker

Nordea har nyopna i 4. etg.

Torsdag 18. september byr vi på
Underhaldning og overraskingar på Blåscena i 2. etg.



kl. 12.00 SENIORSHOW
kl. 17.00 JALMARSHOW

Show og moro med Jalmar sin "onkel", Gunnar GP Pedersen og Sigfrid Eiksund

Jalmarshow på scena kl 17.00
Han ynskjer alle born velkomen

TA EIN "BYATUR"

Blåhuset har rikt og variert utval av det du treng til hausten!

Her finn du:

Kle til ungdom, dame, born, gutar og menn
- Interiør - Frisør - Sportsbutikk - Gåver
- Blomster - Foto/rammer - Bijouteri
- Leiker - Mat - Sko/støvlettar - Bokhandel
- Helsekost - Vinmonopolet - Apotek
- Bakeri - Parfymeri - Kunst - Restaurant
- Babyutstyr - Reiseartiklar - Gull/ur
og mykje meir.

VELKOMEN TIL
"BYATUR" I NÆROMRÅDET!

OPE: 10-19 (16)

Midt i hjertet av Ulsteinvik. GRATIS parkering i Blågarasja!

Hjelp oss å rydde!

Kampanjepris
1.199,-

SuperNova Babyalarm. Ordinærpris 1.399,-

Nå
50%

På Troll Regntøy farge Olive og Deco Rose.

Nå
499,-

BabyDan Trappegrind - Premier Pressmontert. Sølv, hvit og koks. Ordinærpris 699,-

Kampanjepris
790,-

3010/CybexFree (sort), fra 3 år (gruppe 3). Ordinærpris 1.090,-

50%

på en mengde varer.

Mye skal vekk før vi får legge ny parkett

Nå
1.599,-

Maxi Cosi Priori XP - gruppe 2
Ordinær 2.099,-

MaxiCosi Bærebag
Nå 50%
Ord.pris 999,-

Finnes i fargene Svart/svart, svart/pink camo, svart/blue camo og svart/green camo. Ordinærpris 2.275,-

Nå
1.699,-

Barnehjørnet
klær, leker, utstyr og sånt....
Blåhuset, 2. etg. - Tlf. 70 33 28 19

Baby - Barne og Mammaklær, Babyutstyr og Barnevogner.

BLÅ HUSET ULSTEINVIK
Tlf. 922 41 510

Oppsida

der sola alltid skin...

fredrik@regionavisa.no

I kikkerten:

Oppsida tek meir enn gjerne imot språkblødmer, fiffigheiter eller kommentarar. Ta eit bilete og send det til **fredrik@regionavisa.no** eller som **MMS til 982 44-633**. Bidrag på trykk vert premierte med eit flaxlodd. Lukke til!

Mi nest største flause

Svein Eiksund

Svein Eiksund (60)
Yrke: Lærar
Bur i: Ulsteinvik

Svein er til dagleg lærar på Ulstein Ungdomsskule, ein jobb han har hatt sidan 1970. Svein fortel uoppfordra at dei har ei eiga tabbeforeining blant lærarkollegaene, men med berre to aktive medlemmer. Svein er sjølv formann og kollegaen Harald Notøy er nestformann.
– Då får vi kanskje ei flause frå jobben, då?
– Nei, det tør eg nok ikkje. Dette er tabbar som kan sidestiljast med Grieg sin første symfoni som vart funne for nokre år sidan. Grieg skreiv nemleg "Må ikke fremføres" på partituret, seier Svein til Oppsida. Det er kormusikk som er Svein sin store lidenskap, og han dirigerer ikkje mindre enn fire kor samstundes. I tillegg fekk han og sonen Kjetil Tussaprisen for det mangeårige korarbeidet sitt over kommunegrensene. Svein er òg ein av svært få æresmedlemmer i Norges Korforbund. - Det blir mykje kor, Svein! Får du tid til å trekke pusten?
– Jada, det gjer eg. Men du veit, det er så mykje vakker musikk der ute, at eg rekk ikkje over alt med berre eitt kor, seier Svein, som mellom anna har vore dirigent for Ulstein-koret Con Moto heilt sidan 80-talet. I fjor melde han at han kom til å takke for seg i Con Moto, men når koret eit halvår seinare stod utan dirigent, kasta han seg inn i manesjen for hjartebarnet sitt igjen. Flausa kjem sjølvsagt frå kormiliøet, og skjedde på slutten av 80-talet eingong.

Con Moto skulle ha kyrkjekonsert for ei fullsett Ørskog kyrkje, og sonen min, Kjetil, var med på piano. Koret fekk starttonen på frå Kjetil, og så snur eg meg mot publikum for å fortelje litt om kva vi skal synge, eg trur det var Amazing Grace. Men så snakka eg kanskje litt vel lenge, slik at då koret endeleg fekk setje igong, hadde dei justert seg ned ein kvart tone under tonen vi fekk frå pianoet. Det var surt som berre juling, og eg peika mot øyret for å få dei til å lytte, men det var umogleg å justere dei opp igjen. Pianoet stod i tillegg for langt vekke frå koret, og eg skjøna etterkvart at det heile vart ein kamp mot naturkreftene. Då er det berre to ting å gjere som dirigent, anten å sjå svært fortvila ut, eller å slå av og begynne på nytt. Eg valde det siste og tok det heile med eit smil.

Av og til kan ein faktisk skulde på dirigenten. I dag har Svein lært seg å be om tonen etter foredraga sine. Vi takkar for finfin flause, og Svein sender stafettpinnen over til nestformann i Tabbeforeinga ved Ulstein Ungdomsskule, nemleg Harald Notøy.

Dikthjørnet

September

Hausten pirkar meg
i nasen,
og eg rettar meg opp,
fyller lungene
med skarp septemberluft,

Det var godt han kom
i tide, hausten,
for no har eg lyst
til å gle meg
- til neste sommar

FUSI FARO

Godt sagt

«Du må vere forsiktig hvis du ikkje veit kvar du er på veg, fordi det kan hende du ikkje når fram.»

YOGI BERRA (1925 -)

Eksperimentell klippfisk

Enten er Morten Rathe ein svært eksperimentell kokk, eller så veit ikkje Sunnmørsposten skilnad på estragon og østrogen. For sikkerheits skuld tok dei noko midt i mellom. Klippfisk for kvinner i overgangsalderen, der altså.

ne skal bevares.
Men den menyen som han vant den knviskarpe konkurransen med synes å være preget av det moderne.
Hans meny var krydderetuert klippfiskrygg vendt i tomat og wasabicrust og bolinos tilsmakt østriogen og mye, mye mer.
Det er første gangen han er med i en klippfiskkonkurranse, men to ganger før har han deltatt i NM i kokkekunst.
Morten Rathe ble bedt om å

Røkke og Mia

Røkke & Mia: "Til sengs med" fordrar sex.Vi er skuffa, Dagbladet.

Ein skulle ikkje tru det, men det er framleis ei nyheit her i verda at folk ligg med kvarandre. Desto meir skuffa vart Oppsida førre veke, då overskrifta "Gikk til sengs med Røkke" ikkje heldt det ho lova. For Mia Gundersen hadde berre klina litt med Røkke, viser det seg. Rett skal vere rett, Dagbladet, og vi reknar med at det kjem ei angrande presisering rett rundt hjørnet, som til dømes: "Småklinte med Røkke." Vi legg òg til at VG og Dagbladet til saman brukte 7 heilsider på denne saka førre veke. Gratulerer.

VM i illustrasjon

Men det må vere juks, altså. For korleis har dei elles greidd å drikke frå den kaffikoppen på bordet, UTAN å ta fingrane ut av øyrene. Mystisk. Svært mystisk.

Hasjhage

Då er det notert. Gjerdsvika er no kvalifisert til å søke om bystatus. Slik var det i si tid i Ulsteinvik òg. Før bystatusen kunne godkjennast, måtte ein kunne bevise at det no er lettare å få tak i ecstacy enn ein parkeringsplass i Ulsteinvik sentrum. Stas å vere urban, altså.

Mannen min sette fast viagraen i halsen. No har han i det minste stiv nakke.

Hildegunn

Vekeblikk

Engelsk orsaking



Den engelske kyrkja trengde 149 år på seg til å be Charles Darwin om orsaking for latterleggjeringa av boka "Artenes Opprinnelse". Darwin var sjølv medlem i den engelske kyrkja då han kom med evolusjonsteoriane sine, som altså var svært sterk kost for kyrkja og samtida si. Vi gratulerer med forseinka sjølvinnsikt, og oppmodar med dette heile kloden til å ta all religion med ei salig klype salt.

Tid for pause

Liten ball – store ord.

Ofte er det smart å ta ei pause når livet buttar i mot. Ein kan ikkje vere på topp heile tida – du veit det, og eg veit det. Og alle som driv med fotball veit det. Difor foreslår vi no å legge ned både Hødd, Aafk og det norske herrelandslaget i fotball i eit par år framover. Stikk på byen, gutar! Ta ei pils eller fem! Lev eit så normalt liv som mogleg! Kom for seint til avtalar uten å måtte betale bøter for det! Treff vener! Ha det kjekt, rett og slett! Så kan vi andre vere moralens voktarar for kvarandre i staden for.

Ekteparet Margrethe og Bjarne Rekkedal reiser til Italia kvart år og plukkar personleg ut vinane til vinkjellaren sin.

Vinpressa på 1200 kilo som står i tunet til Rekkedal Gjestehus kom til gard på grunn av ein litt dårleg språkeleg kommunikasjon.

Vinskatt på Rekkedal

Nede i kjellaren hos Rekkedal gjestehus kan ein finne ein aldri so liten vinskatt. Ekteparet Bjarne og Margrethe Rekkedal vitjar personleg ei rekkje små vinfarmar i Nord-Italia kvart år for å plukke ut vinane dei skal bruke.

– Det hadde seg slik at på åtti-talet kom her ein atten år gamal gut frå Italia som skulle arbeide som dreng hos oss. Etter kvart blei han rett og slett ein del av familien vår, og vi blei ein del av hans. Slik starta eit livslangt venskap og tette relasjonar mellom Rekkedal og Italia, fortel Margrethe Rekkedal.

Personleg og eksklusivt utval

Margrethe og Bjarne reiser til Italia kvart år for å plukke ut vinar dei skal servere gjestane sine personleg.

– Vi har alle tider vore glade i Italia, og etterkvart som kontakten med familien til vår tidlegare dreng blei tettare, kom også idéen om å importere vin frå Italia sjølve. Foreldra og svigerforeldra hans undersøkte litt rundt omkring for å kartleggje kvaliteten på ulike små vinfarmar i Nord-Italia. Slik blei vi introduserte til farmarane, og fekk etterkvart lov å kome på vitjing. Slik har det utvikla seg til at vi reiser årleg, ein gong på vårparten og ein gong på hausten, fortel ekteparet.

Ekteparet Rekkedal har etterkvart vorte godt kjende med alle askpekt av vinproduksjon.

– Vi har fått observert alle ledd i produksjonen, frå drueplantene spirar til vinen er tappa på flasker. Å vere vinbonde er skikkeleg hardt arbeid. Bonden går over kvar enkelt vinranke for å kvalitetssikre, og innhaustinga er tøft arbeid frå morgon til kveld. Vi synes det er eit privilegium å ha fått blitt med på alt dette, og er fascinerte over korleis det heile blir gjort.

Margrethe og Bjarne har etterkvart lært seg mykje om bransjen.

– Det er klart, etter så mange år har vi nok lært oss ein heil del. Men utlærde blir ein vel aldri. Men, vi har lært so mykje at vi greier å ta ut gode vinar, og vite kva dei kan høve til når det gjeld servering.

Historisk grunn

Ekteparet Rekkedal hentar vinen sin frå fem små vinfarmar i Italia, frå Toscana og heilt opp til den sveitsiske grensa.

– Det er kun vi som har desse vinane i Norge, så ein kan nok seie at vinkjellaren vår har eksklusiv vin frå Italia. Det er store krav til kvalitet når det gjeld italiensk vin og bonden må dokumentere alt. Dette gjer at vi kan vere sikre på at vi får skikkelig kvalitetsvin. Ein av vinane vi serverer vann faktisk gullmedalje i sitt område i Italia, fortel dei.

Vinkjellaren rommar ein stad mellom tre og fire tusen flasker vin, fordelt på 20 sortar rødvin, ein del kvitvin, musserande-, dessertvin og grappa.

– Byggjematerialet i vinkjellaren er faktisk frå gamle Vestnes korskyrkje som blei bygd på 1600-talet. Så ein kan godt seie at vinen kviler på historisk grunn, smiler Bjarne.

Ekteparet ser også etter mange år i bransjen, at gjestane deira er meir verdsvante no enn tidlegare.

– Vi reiser mykje meir, og får vel kanskje litt kontinentale vanar. Det merkast godt at gjestane våre ofte er genuint interesserte i vin og vinproduksjon, og dei fleste synes det er svært interessant å høyre om produksjonen på vinfarmane vi hentar vinen vår frå.

Eiga vinpresse

Ute på tunet på Rekkedal Gjestehus står ei gamal vinpresse, og gjestane undrar seg ofte over kva konstruksjonen er for noko.

– Vi bruker ikkje å nemne vinpressen vår når vi loser gjestane våre rundt på garden. Men dei fleste oppdagar den sjølve, og undrar seg stort over kva det er for noko, humrar Bjarne.

– Altså, vinpressen er ikkje i bruk, men det ligg ei artig historie bak den. Under eit besøk til Italia der vi skulle bli einige om kjøp av vin frå ein bonde, såg vi noko finurleg som hang på ein vegg. Vi undra på kva dette var, og fekk vite at det var eit reiskap til å korke vinflasker med. Den tenkte vi var ein fin liten sak å henge på veggen her i Gjestehuset. Så ein sein kveld, etter mykje forhandling, kom vi til einigheit med bonden, på skikkeleg italiensk vis, med kyss på kinnet og eit grepa handtrykk. ”Korkaren” skulle vi få som gåve på kjøpet, trudde vi.

Vinpresse

Når tida var komen til at forsendinga med vin skulle kome, ringte sjåføren til oss og lurte på korleis han skulle gjere det med denne gåva som sto att i bilen. Den vog jo ein del! Då bilen ankom, viste det seg at bonden hadde sendt avgarde ei gamal vinpresse på over 1.200 kilo, ler Bjarne.

– Tydeligvis har nok kommunikasjonen ikkje vore så tydeleg som vi trudde, og vi var nok litt flaue når vi såg kva som blei levert. Men for all del, vi set stor pris på forvekslinga, og eg trur vinpressa vår er den einaste av sitt slag i landet, smiler Margrethe.

Men ”korkaren” då?

– Nei, den heng nok framleis på ein vegg i Italia den!

Ei oppleving, ikkje berre mat

Mottoet til Rekkedal Gjestehus er ”Når måltidet er mykje meir enn å verta mett”, og Bjarne og Margrethe freistar å leve opp til dette kvar einaste dag.

– Vi ønskjer at gjestane våre skal få ei oppleving utanom det vanlege. Vi legg vekt på å bruke lokale råvarer av høg kvalitet, blanda med tradisjon og inspirasjon frå inn- og utland. No når regionen har opna seg voldsomt med Eiksundsambandet kan faktisk om lag 100.000 menneske nå oss på vel ein time. Med godt samarbeid mellom dei ulike reiselivsarrangørane ser vi at vi kan vere med på å gi folk ei unik oppleving. Det er ikkje alle stadar i verda ein kan oppleve så ulik natur på så kort tid som her i regionen. Alt frå dei yste øyene i havgapet til høge fjell og djupe fjordar, seier Bjarne.

Margrethe og Bjarne handhelsar personleg på alle gjestane sine.

– Vi har som regel at vi alle tider møter gjestane i tunet og helsar på kvar enkelt. Vi er eit vertskap, og ønskjer å framstå som det på god gamal måte. Dette synes vi er særs viktig, og det merkast at folk set pris på det, fortel dei.

TEKST OG FOTO:
MONICA IREN MOE MASDAL

101 år gamle Ida Teige er ei av Anita Sætre Hauge sine faste kundar, og har alle tider ei god historie å fortelje.

Hårreisande
mykje reising

Det er heller uvanleg praksis å reise heim til kundane sine slik Anita Sætre Hauge gjer det.

Det starta i det små, med tilbod om hårklipp heime. Det utvikla seg gradivs til ambulerande frisørteneste, og ein liten salong i Gurskebotn. No eig Anita Sætre Hauge eit heilt velværesenter med ni fast tilsette i Myrvåg.

Senteret "Hårreisande økologiske velværesenter" baserer seg på kun naturlege og miljøvenlege produkt og er blitt tildelt Electrolux sin miljøpris for 2008.

Sjølv om bedrifta har utvikla seg og blitt stor, tek Anita seg fortsatt tid til å køyre ut til kundar som av ulike årsaker har problem med å kome seg av gårde til frisør sjølv.

– Eg starta som ambulerande frisør, noko som var heller uvanleg praksis. Det gir meg fortsatt veldig mykje å reise ut til kundane på denne måten. No er vi på veg til Ida Teige som er ein sprek 101-åring. Ho er av mine faste kundar, og grunna sin høge alder er det ikkje alltid så greitt å kome seg av gårde sjølv. Ida er eit oppkome av gode historier og sjølv om ho har bikka hundre år, bur ho framleis heime på garden på Kopperstad.

Eit tilbod som betyr mykje

Den dagen Regionavisa får bli med Hauge på tur, har dotter til Ida nettopp kome på besøk frå Oslo.

– Det betyr veldig mykje for mamma dette her. Det er ikkje alle tider så enkelt å kome seg av garde når ein har nådd ein slik høg alder. Det at Anita tek turen slik at mamma får stelt seg på håret har ein enorm verdi for henne. Vi likar vel alle å sjå fine og velstelte ut? Og så er det fryktelig koselig med ein prat om alt og ingenting i frisørstolen, seier yngste dotter Kari-Janne.

– Det er så trivelig å ha Anita her, og så er ho so flink. Eg er litt nøye på det, og vil nok ha ting på min måte. Anita veit korleis eg vil ha det og eg føler meg veldig mykje betre etter at ho har vore her og stelt håret mitt, fortel Ida.

Ambulerande

Anita meiner slike besøk har ein stor verdi også for ho sjølv.

– Ein får ein unik kontakt med kundane på denne måten, og det er utruleg givande å sjå kor lite som eigentleg skal til for å gjere kvardagen litt lysare for folk. Å spandere litt tid på seg sjølv og eige velvære er noko som bør vere alle forunt.

Den ambulerande biten av verksemda til Anita er det kun ho som tek seg av, og ho freistar å kome seg ut til kundane på denne måten minst to dagar i veka.

– Eg reiser også til sjuke- og aldersheimar, blant anna Sandetun og Haugatun kvar måndag og Hadartun på Hareid torsdagar. I tillegg til velværesenteret i Myrvåg, har eg også ein liten salong på Sandsøy som eg er på kvar onsdag. Der har eg også ein liten del tileigna hudpleie. Det gjer det litt enklare for sandsøyingane når ein kan vitje frisørsalongen på øya, so slepp ein alt styret med ferger og den logistikken det medfører, fortel Anita.

Miljøbevisst

Anita sitt velværesenter i Myrvåg er bygd opp med helse og miljø i tankane.

– For nokre år sidan såg eg eit program på tv om ei dansk dame, Anne-Sophie Willumsen, som satsa på berre økologiske og naturlege produkt utan farlege kjemiske ingrediensar. Slik vart eg merksam på alle dei usunne stoffa vi i bransjen utset oss for. Eg fekk augene opp for at det kunne vere ein alternativ måte å drive på, og fekk inspirasjon til økologisk drift. Eg var faktisk ikkje ein gong klar over at slike naturleg produkt var å få tak i. Eg lufta idéen min om ei miljøvenleg bedrift for dei to frisørane mine i Gursken, Ingun Kleppe Leikanger og Mariann Lillerovde. Dei tende på idéen, og vi starta å undersøke moglegheitene for å drive på denne måten. Eg og Mariann var blant anna på kurs hos Willumsen i Danmark. No har vi altså eit heilt velværesenter som set helse og miljø i fokus. Ikkje berre med å bruke miljøvenlege produkt, men også med å ta vare på dei tilsette og kundane våre på ein spesiell måte. Senteret har vokst, og vi er no fire tilsette frisørar, to frisørlærlingar, tre hudpleiarar og ein fotterapeut.

Med eit heilt velværesenter, samt ambulerande frisørteneste seier det seg sjølv at den administrative biten har vokst kraftig.

Familiebedrift

– Eg såg at eg trengte hjelp til å få unna det administrative arbeidet, og eg er sjølv ikkje noko særleg glad i denne delen av drifta. Dotter mi, Henriette, hadde lyst å arbeide saman med meg, og sidan ho er utdanna salsøkonom ved sidan å være interiørkonsulent, passa ho utmerkt til jobben som dagleg leiar. Eg hadde aldri greidd meg utan hennar hjelp. Det er snakk om veldig mange timar med arbeid som ligg bak konseptet vårt. Og eg må berre få skryte av alle dei tilsette, det er ikkje få arbeidstimar som ikkje syner igjen på lønsslippen for å seie det slik. Eg trur vi alle har ein sterk lojalitetskjensle til kvarandre, og vi brenn alle for miljøkonseptet vårt. Dette hadde ikkje gått dersom eg ikkje hadde slike eldsjeler om bord.
Henriette støtter seg til mor si.

Vere nøye

– Vi må heile tida vere nøye med kva slags produkt vi tek inn, og det er mykje å setje seg inn i. Men gevinsten er stor. Det å arbeide miljøbevisst, fører til at vi har ei kjensle av tryggleik på arbeidsplassen. Vi treng ikkje bekymre oss over kva vi utset kroppen for. Det finnast eit val no, vi kan velje å arbeide på denne måten og produkta blir betre og betre for kvart år. Samtidig som omverda blir meir bevisst på miljøet, vil også utvalet verte breiare og større, seier Henriette Sætre Hauge.
I tillegg til at Henriette er dagleg leiar, held bror hennar Thomas Sætre Hauge på å utdanne seg til herrefrisør.

– Eg og mannen min eig femti prosent av selskapet, og dei to borna våre har kvar sin andel på tjuefem prosent. Det å skape eigen arbeidsplass på denne måten er nok med på å binde oss tettare saman som familie. Eg var godt over tredve år når eg tok den formelle utdanninga mi, og med tenåringar i hus seier det seg sjølv at det var ei tøff tid økonomisk. Men mannen min støtta meg heile vegen og sjå kva vi har fått til no, strålar Anita.

Miljøpris

Velværesenteret i Myrvåg består av ei frisøravdeling, spa-avdeling, hud- og fotpleie.

– Vi har bygd opp heile senteret med helse og miljøet for auget. Ein bit er dette med å berre nytte naturlege produkt, ein annan er å legge til rette for alle. Vi har til dømes heisanordning, slik at menneske som sit i rullestol, kan nytte seg av jacuzzien i spa-avdelinga. Vi ønskjer å inkludere alle, for å gi eit så godt tilbod som mogleg. Her kan ein faktisk bruke ein heil dag berre på seg sjølv. Å ta seg tid til å pleie seg sjølv blir viktigare og viktigare til meir hektisk kvardagen vår blir, seier Anita.

Hauge understrekar at velværesenteret er eit resultat av godt lagarbeid.

– Det er ingen enkel sak å være først ute med eit slikt konsept. Det er ikkje snakk om få kroner av eigenkapital som er lagt inn i bedrifta. Alle vi som arbeider her tek i eit tak for fellesskapet, og vi har vel funne ut at dersom ein ikkje verkeleg brenn for konseptet, ja så hadde det aldri gått. Men slik eg ser det, så må nokon alltid vere først ute for å skape endring. Eg vonar verkeleg at fleire etterkvart vil følgje opp, og ta valet om å drive så miljøbevisst som mogleg. Eg fekk beskjed om at eg hadde vunne Electrolux sin miljøpris for nokre veker sidan, og det var utruleg godt å få ei stadfesting på at arbeidet vårt blir lagt merke til.

Konkurranse

Electrolux Norge har halde ei nasjonal miljøkonkurranse for både privatpersonar og verksemder i heile landet, og blant fleire hundre forslag vann altså "Hårreisande økologiske velværesenter" med klar margin. Mariann Lillerovde sendte inn forslag om at Anita skulle få tildelt prisen, utan at Hauge ante noko. Administrerande direktør, Arne Håkon Burdal er full av lovord om Anita Sætre Hauge og velværesenteret i Myrvåg.

– Vi i Electrolux meiner vi har eit samfunnsansvar når det gjeld miljø, og fann difor ut at ein miljøpris kunne vere med på å skape litt blest omkring det å drive business på ein miljøvenleg måte. Kriteria var at bedriften skulle ha fokus på forretning samtidig med at den gjekk litt "mot straumen" og dreiv miljøeffektivt. Vi meiner at fokus på dette kan gjere at fleire vil sjå at det faktisk går an å drive miljøvenleg samtidig som ein tener pengar. Vi fekk inn mange bidrag til konkurransen, men i bunken var det ein som skilte seg skikkeleg ut frå dei andre. Anita Sætre Hauge sitt konsept er det første i sitt slag i landet og gjengir ei fantastisk suksesshistorie om ei standhaftig kvinne og miljøentusiast som av eigne midlar har bygd opp eit komplett økologisk velværesenter i distrikts-Norge. Hauge har investert so mykje meir enn pengar i konseptet sitt, ho har rett og slett lagt heile sjela si i drifta. Ho fortener verkeleg denne prisen for sitt engasjement og stå-på-vilje, uttalar Burdal til Regionavisa.
Prisen består av 25.000 kroner og ein diplom.

TEKST OG FOTO:
MONICA IREN MOE MASDAL

Henriette Sætre Hauge (bak) er dagleg leiar og arbeider tett saman med mor si. Hudpleiar Vera Rijah Leikanger blandar ansiktsmasker av naturlege råstoff.

Anita Sætre Hauge, Vera Rijah Leikanger, hudpleiar og kinesisk hud og kroppsterapeut, og Ingvild Elisabeth Åsmo, hudpleiar, i spa-avdelinga på "Hårreisande økologisk velværesenter".

Fotterapeut Liv Kihle tek hand om Karin Kleven Breivik.

GRATIS-annonser for privatpersonar

Legg inn di annonse på
www.regionavisa.no
–> Rubrikkannonse
Forretningsannonser: 5,40 pr. sp.mm.

Salsmarknad

Baby / Barn

-05 Simo-duo vogn svart/grå pent brukt + stelle bag. Kr 2.500,-. Måløy Tlf. 906 95 666

Baby Relax sportsvogn 3-hjul, god å trille, regntrekk, raud. nypris kr 1.900,- selges kr 800,-
Tlf. 913 80 195

Barneutstyr Selger køyeseng, grindseng, stellebord og bæremeis (Volda). Tlf. 938 35 897

-06 Barnevogn Carena tvilling/søsken, svart/brun, 3-hjul, bremse og regntrekk. kr 1.100,- Tlf. 469 46 342

Carena Barnevogn til salgs svart/raud med fottrekk. god å trille, kr 500,-. Tlf. 469 46 342

BeSafe Izi Sleep Pent brukt bilstol (1barn) 0-13 kg til sals kr 700,-. (Ulsteinvik). Tlf. 412 00 801

Bilstol Britax (0-13kg) fint brukt, med solskjerm, selges kr 700,- (Eid)
Tlf. 986 80 361

Britax Bilsete Pent brukt.
Tlf. 70 02 42 10

-04 Carena barnevogn svart/grå m/lufthjul, selges kr 500,-
Tlf. 901 27 294

Carena tvilling / søskenvogn Pent brukt tvilling/søskenvogn. Separate kalesjer og fotbrett. kr 1.000,-
Tlf. 416 99 517

-04 Emmaljunga barnevogn Edge Duo, Sort. Brukt til 1 barn, pent behandla, ny kalesje, vognpose. Kr 3.000,- Tlf. 412 21 735

-05 Emmaljunga tvillingvogn, svart til salgs. Har også en svart Emmaljunga soft bag. Fin som søskenvogn Tlf. 958 41 561

Flott TFK Twist svart 3-hjuls regn-og stormtrekk, myggn, håndbrems. på bakhj. sam.lagt liten, passer til 4 år.
Tlf. 952 46 764 / 412 01 412

HTS besafe barnestol grå med støttebein 9-36 mnd. selges for kr 400,-
Tlf. 901 27 294

Leikegrind sam.leggbar i tre, med hjul. selges kr 200,- (Eid)
Tlf. 986 80 361

Leikegrind i solid heiltre med madrass i trekk. 1x1 m.reg.bar botn i høgda. som ny. kr. 600,-
Tlf. 934 39 483

-04 Ole Brumm bilstol Mørk blå med motiv, 0-13 kg selges kr 300,-
Tlf. 901 27 294

Pent brukt barneutstyr billig. Stokke sleepi seng, Simo kombivogn, sportstrille, joggetrille, Besafe barnesete.
Tlf. 481 81 326 (Volda)

Raud duovogn m / svingbare hjul Ubrukt bag, ellers som ny. Lita samanlagt, bilete på mail. kr 1.500,-
Tlf. 415 08 962/ 70 01 07 42

Recaro barnesete selgast Pent brukt, young profil plus, 0-13 kg selgast. Meget trygt sete.
Tlf. 942 76 894

Reisetrille selges, lite brukt. kr 400,- ny kr 800,-) Tlf. 975 94 876

-99 Simo kombivogn Mørk blå med lufthjul selges kr 700,-
Tlf. 901 27 294

Simo kombivogn Fint brukt, mørkblå med myggnett, regntrekk og tilbehør. stelleveske. Kr 1.300,-
Tlf 900 51 789

Simo kombivogn mørk blå, kjøpt des. -03, brukt til eit barn, kr 2.000,- (Volda)
Tlf. 70 07 78 05/ 922 22 149

-00 Sprinkelseng, trefarga, wonderland-madr, fint brukt, kr 500,- (Volda)
Tlf. 70 07 85 27/977 12 005

Svart reisetrille, Sykkelsete Reisetrallen er lite brukt kr 350-, Sykkelsete kr 100,- Tlf. 975 94 876

Teutonia dunpose. Lite brukt! Beige, god og pent brukt! Selges kun kr 550,- Tlf. 419 28 270

Teutonia duo vogn seperat bag og sports del. selges kr 2.200,- (Eid)
Tlf. 986 80 361

Ullpose til vogn, vogge etc lite brukt, kan deles i 2, mørkblått ytterstrekk, nypris kr 1.500-, selges kr 800,-. Tlf. 913 80 195

Svart Teutonia lammeskinnspose Heilt ny, ubrukt pose til salgs for kr 1.000,- svart. Tlf. 938 25 654

Trekvit sprinkelseng med madrass, reg.bar botn i høgda, pent brukt. kr 500,- Tlf. 934 39 483

Tvilling vogn Brio fint brukt, svart med regn trekk, nett og stelleveske selges kr 1.500,- (Eid)
Tlf 986 80 361

-01 Tvillingvogn Teutonia pent brukt, mørk blå, selges for latterlige kr 1.500,- grunnet plassmangel.
Tlf. 414 71 599

Ubrukt Mutsy 4 Rider Bagvogn Stilig vogn, 2 beveglige forhjul. Bagen av hardplast . kr 4.000,-
Tlf. 975 07 635

Vogner til sals Tvilling sportsvogn kr 800,-. Enkel sportsvogn kr 300,-.
Tlf. 913 25 588

Bil

-01 Mitsubishi Pajero 3,2 TD. 7-seter. 116'km, kraftig 4-hjulstrekk god stand/velholdt. Kr 355.000,-/bud. Tlf. 906 02 437

-04 Volvo V70 D5 aut. h.feste, klima, c/c, telefon, mult.f.ratt, servicehefte, 123'km, kr 280 000,-
Tlf. 911 48 543

-86 Mazda 929 selgast som delebil. 155'km, er avskilta. Kr 3.500,- el. gi bud Tlf. 906 18 880

-86 Opel Ascona 1,6 GLS-C 134' km, litt rust, rim. til sals.
Tlf. 70 07 78 28

-92 VW Passat GL nylig EU-ok, nye s/dekk, god stand, selges rimelig.
Tlf. 977 66 879

-96 BMW 520IA M / servicehefte Pen og velholdt m/skinn, Angle Eyes og masse utstyr. 2001-look. s. kr 89.000,- Tlf. 922 24 287

-96 Peugeot 2.0 406 sedan EU-ok mai 08. 145'km, krok, gode dekk, nytt eks. anl. Grønn met. Skiboks. Kr 40.000,-
Tlf. 70 07 82 88/905 04 839

16 dekk til salgs gode 16 somardekk selges, brukt 1 sesong.
Kr 1.800,- Tlf. 952 02 860

-00 Honda HRV, 1,6 Aut. 4x4 60'km, EU-ok juni 08, takluke, rød. Alufelger s/v-hjul. kr 129.000,-.
Tlf. 905 04 839/70 07 82 88

-96 Polo 1,0 Svart, 5-dørs, EU-ok til juli 10, lavt forbr. Fin bil.
Tlf. 905 12 035

-89 Audi 80 1,8 selges. årsavg. 2008, EU-ok, god stand, daglig drift, s/v hjul. stereo, kr 8.000,-.
Tlf. 70 01 50 21

MØRE AUTO AS
Tlf. 70 07 47 80
www.moreauto.no

17" alufelger pene rial felger selges billig.2 ok dekk.passer biler med 5x110 Tlf. 464 19 525

-98 Nissan Primera 1,6 GX stv. EU-ok, rim. til sals.
Tlf. 911 17 065

-02 Audi A6 Avant T Påkostet kr 32. 000,- kjempe fin og sporty.
Ta kontakt for info kr 181 000,-
r.reg. Kupp Tlf. 954 61 933

Billige sommardekk Michelin 225/50 R16 92V selg, plassmangel, gi bud. 5 mm mønsterdybde.
Tlf. 909 75 909 Volda.

-91 Bmw 318i selges nye 17"alu m/dekk. EU-ok til nov 09, pen bil.
kr 15.000,-. Ring for info
Tlf. 464 19 525

-90 Chevrolet Suburban 6.2 vurderes solgt, god motor og gir, selges hbo kr 20.000,-. Tlf. 456 04 692

Chrysler 3,3 se aut. grei bil, masse plass og krefter, batteri og handbrekk må påkostes. Kr 15.000,-
Tlf. 412 07 859

-00 Flerbruksbil selges kr 70.000,- Fiat Multipla 110,5'km 6-seter, 3 framme og 3 bak EU-ok 2008 praktisk bil. Tlf. 918 32 422

Truckbatteri
til alle typar el-truck.
Ring for pristilbod! GILLEN AS
Tlf: 70 07 70 42 / 913 36 735

-89 GMC / Chevy van selges 320'km, reg. som personbil, parkett i bilen, Tlf. 975 86 756

-98 God bil selges Mondeo 1,8i Ghia stv. AC, krok, Alu, 166'km, EU-ok til 03.10. kr 39.000,- Tlf. 481 16 026

Ledig kapasitet
Tectylbehandling
Vi tilbyr leigebil for kr 125,- pr. døgn
+ drivstoff når vi behandler din bil!
30 års erfaring
AASEN BILVERKSTED
6065 ULSTEINVIK Tectyl ATV Tlf. 70 01 10 18

-96 God ungdomsbil selges! Hyundai Sonata 1.8, høystbydende over kr 25.000,- Tlf. 926 61 68

Gode 14 toms piggdekk Kr 400,- pr. dekk. Tlf.942 38 688

-98 Golf IV 1,9 TDI, 180'km, EU-ok, lett m. s/v. dekk, krok, stereo, skistativ. Kr 69.000,-Tlf. 926 13 416

-90 Mitsubishi Galant selger 2 stk, dele biler eller resturering.
Tlf 411 04 445

FRIHET TIL Å TA MED DET DU VIL

www.peugeot.no

I nye Peugeot 308 SW oppdager du raskt at vi har tenkt på alle dine behov. Her får du frihet til å ta med akkurat det du vil. Bare slå sammen ett eller flere seter, vipp dem opp på høykant eller ta ut alle sammen og få et flatt bagasjegulv. Du kan frakte så mange som opp til sju passasjerer og det store panoramataket i glass gir alle i bilen en fantastisk romfølelse. Velg mellom en rekke moderne, økonomiske og utslippsvennlige motorer. Opplev nye Peugeot 308 SW hos Volda Bil, vi er i Fosnavåg i dag(onsdag) og Ulsteinvik på torsdag.

PRIS FRA KR 264.800,-,-

Nye 308 SW

PEUGEOT

Veil. priser pr. 01.09.2008 lev. Volda Bil, inkl. leveringsomkostn. og frakt. Pris Peugeot 308 SW fra kr 264.800,-. Drivstoff-forbruk v/blandet kjøring fra 0,49 l/mil. CO_2 utslipp fra 129 g/km. 3 års/100.000 km garanti (etter forbrukerkjøpsloven er det en lengstefrist for reklamasjon på 5 år). Bildet er illustrasjons-foto og utstyr kan avvike. Importør: Bertel O. Steen AS.

VOLDA BIL AS
Prestegata 29, 6100 Volda
Tlf.: 70 05 44 00 • Fax.: 70 05 44 01

TODAY TOMORROW TOYOTA

-07 Lexus IS 220d
1300 km, ABS, airbag, alarm, antiskrens, antispinn, bluetooth tlf, CC, DVD, el. innfellb. speil, el. seter u. minne, el. speil/vinduer, fjernst./sentr.lås, integr. tlf., just. ratt, keyless go, kjørecomputer, klima, multiratt, navigasjon, radio/CD, ryggekamera, sentrallås, servo, sideairbager, skinninteriør, sommerhjul, TRC, Xenonlys.

479.000,-

-06 Toyota Rav4 D-4D 4WD Stv.
16' km. ABS-bremser, AC, airbag, antiskrens, antispinn, avtb. krok, bagasjeromstrekk, el. innfellb. speil, el. speil/vinduer, fjernst./sentrallås, justerbart ratt, kjørecomputer, klimaanlegg, multiratt, radio/CD, sentrallås, servo, sideairbager, sommer/vinterhjul, rails, krok, VSC.

349.000,-

-03 Toyota Yaris Verso 1,3 VVT-I Flerbruksbil
68' km, forhjulsdrift, ABS-bremser, airbag, alufelger sommer, el. speil/vinduer, fjernst./sentrallås, justerbart ratt, kjørecomputer, radio/CD, sentrallås, servo, sommerhjul, rails.

149.000,-

-03 Toyota Rav4 D-4D 4WD Stv.
96' km. ABS, AC, airbag, avtb. krok, ekstralys 1000 meter, el. speil/vinduer, fjernst./sentrallås, justerbart ratt, kjørecomputer, radio/CD, sentrallås, servo, sommer/vinterhjul, rails.

249.000,-

-03 Toyota Yaris 1,0 VVT-I Personbil
39' km, 5 stk. nakkeputer, ABS, AC, airbag, aluf. sommer, el. speil/vindu, fjernst./sentrallås, justerbart ratt, kjøyrecomputer, met. lakk, nedfellb. baksete, radio/CD, sentrl.lås, servo, s-hjul, utetemp., varmester.

129.000,-

-02 Lexus GS 430 Aut.
87' km, ABS, airbag, antiskrens, antispinn, automat, CC, ECT, el. ratt, el. seter m. minne, el. speil/vinduer, fjernst./sentrallås, kjørecomputer, klima, radio/kassett, sentrallås, servo, skinninteriør, skinnratt, sommer/vinterhjul, treinteriør, treratt, VSC, Xenonlys.

459.000,-

-02 Toyota Rav4 2,0 VVT-I Stv.
